



- eit fyrtårn i vest

# Budsjett 2021

## Økonomiplan 2021-2024



**Kommunestyret sitt vedtak  
KS-sak 182/20 ,17.12.2020**

## Innhold

Forord .....	2
Kommunestyret sitt vedtak .....	6
Plangrunnlaget .....	10
Organisering .....	15
Befolkningsutvikling .....	18
Status og rammevilkår .....	20
Hovudtal i budsjettframlegget .....	24
Økonomisk utvikling i planperioden .....	30
Tenesteområda i kommunen .....	36
Kommunedirektør .....	36
Økonomi .....	38
Organisasjon og digitalisering .....	40
Helse og velferd .....	45
Oppvekst .....	53
Kultur og samfunn .....	63
Investeringar i økonomiplanen .....	70
Vedlegg .....	75

## Forord

Øygarden kommunestyre vedtok budsjettet for Øygarden kommune for budsjettåret 2021 og økonomiplanen 2021-2024 i kommunestyremøte 17.12.2020. Økonomiplanen utgjer kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1, fjerde ledd.

Øygarden kommune har lyse framtidsutsikter. Kommunen har eit variert næringsliv og har gode natur- og rekreasjonsområde. Vi har føremonen med å ha tettbygd byområde med mange fasilitetar, samstundes som vi har eit rikt og mangfaldig bygde- og kulturliv. Kommunen er også nabo med Noregs nest største by, noko som betyr mykje for innbyggjarane både med omsyn til utdanning og større mangfold i arbeidsplassar.

Kommunedirektøren har ambisiøse mål for kommunen, både med omsyn til kvalitet i tenestene og god økonomistyring. For å nå desse måla treng kommunen ein sterk kultur for læring, samhandling og utvikling på tvers av fag og organisatoriske skillelinjer. Kommunedirektøren har som mål at vi videreutviklar kommunen slik at leiarskap, medarbeidarar, kultur og prosesser arbeidar mot same mål.

Rekneskapen for 2019 syntet eit negativt netto driftsresultat for dei tre kommunane på kr 121 mill. Kommunen hadde soleis eit betydeleg negativt netto driftsresultat før inngangen til ny kommune, og ein særskrivande økonomisk driftssituasjon. Med unntak av det negative netto driftsresultatet for tidlegare Øygarden kommune, som heng saman med store eittårige driftsprosjekt, dannar denne økonomiske situasjonen grunnlag for budsjett 2020. I tillegg er eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar frå tidlegare Sund avvikla. Det betyr at nye Øygarden kommune starta med ein minus på om lag kr 100 mill i drifta ved oppstart i 2020. Kommunedirektøren vil påpeika at det er gjort eit relativt stort nedtrekk i 2020 og at han i dette budsjettframlegget legg opp til ein vidare innsparing og effektivisering i drifta for å oppnå balanse mellom løpende inntekter og løpende utgifter.

Budsjettarbeidet for 2021 har vore krevjande med omsyn til å oppnå budsjettbalanse. Per 31.07.2020 syner prognosene for 2020 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 50 mill i Øygarden kommune. Dette er mellom anna under føresetnad av at skatteinntektene vert som budsjettet resten av året. Samla disposisjonsfond i kommunane Fjell, Sund og Øygarden viste ein markant reduksjon i 2019, og prognosene for 2020 er at vi totalt vil ha om lag kr 58 mill på disposisjonsfond ved utgangen av året. For å ha ein sunn kommuneøkonomi bør vi ha om lag kr 300 mill i frie fondsmidlar.

Sum driftsinntekter i budsjettet er kr 2,853 mrd, sum driftsutgifter er kr 2,840 mrd.

Svake netto driftsresultat kombinert med låge disposisjonsfond gjer at vi har eit krevjande arbeid framom oss også i dei neste åra. Kommunedirektøren har lagt vekt på å oppnå ein sunn økonomisk utvikling samstundes som budsjett og økonomiplan skal vera realistisk. Budsjettet for 2021 vert lagt fram i balanse, der netto driftsresultat er kr 0. Dette er i samsvar med opprinneleg plan for auke av den økonomiske handlefridommen. I økonomiplanperioden er det budsjettet med eit netto driftsresultat på 1,75 % (kr 50 mill) i 2022. Dette forutset at tal årsverk må reduserast med om lag 70 årsverk ut over det som ligg i budsjett 2021. Per no har Øygarden kommune redusert bemanninga med om lag 70 årsverk i forhold til sum årsverk i dei gamle kommunane. I løpet av 2021 skal bemanninga reduserast ytterlegare med 40 årsverk. Dette er under føresetnad av at dei tilsette i ressursgruppa får fast stilling innan 31.12.2021, og at dei 40 årsverka som ligg som innsparingstiltak i budsjett 2021 vert fasa ut i løpet av året.

Det er naudsynt å gjere omfattande grep for at vi ikkje skal hamna i ROBEK-registeret. Om lag 70 % av utgiftene i budsjettet er lønsutgifter, og den einaste farbare vegen utanom ROBEK-registeret er å redusera bemanninga monaleg.

## **CO2 fangtsanlegg**

Equinor har i samband med Northern Lights-prosjektet inngått kontrakt med Skanska for opparbeiding av tomt og bygging av kaianlegg for mottaksanlegg for CO<sub>2</sub>. Anlegget er lokalisert på Ljøsøyna i Hjeltefjordbassenget i Øygarden.

Norske sysselsettingsverknader av Northern Lights er rekna til vel 2 100 årsverk i utbyggingsfasen. Regionalt er det lagt til grunn ein sysselsettingseffekt i utbygginga på vel 250 årsverk. Lokalt kan dette gje fleire arbeidsplassar og potensielt betre skatteinngang.

## **Sotrasambandet**

Bygging av nytt Sotrasamband vert gjennomført som OPS-prosjekt (offentleg-privat-samarbeid). Prosjektet omfattar bygging av firefelts veg frå kryss ved fv. 562 ved Storavatnet i Bergen kommune til kryss med fv. 561 ved Kolltveit i Øygarden kommune. Dagens riksveg 555 er ein tofelts veg med varierande standard. Transportsystemet er svært sårbart med dagens bru som einaste tilkomst til Øygarden kommune, og gir daglege utfordringar knytt til kø/ trafikkavvikling. Nytt Sotrasamband skal løysa opp flaskehalsar og blir ein stor forbetring for trafikantar til og frå Øygarden kommune og Bergen kommune. Det nye vegsystemet vil ein få nye firefelts motorveg, eigna felt for kollektivtrafikk, og dessutan gang- og sykkelveg. Når dette vert samla i ein stor kontrakt, blir kontrakten for Sotrasambandet den største anleggskontrakten så langt i Noreg. Det kan gje mange nye arbeidsplassar i regionen. Kontrakten vert etter planen signert sommaren 2021 med byggestart hausten 2021. Byggeperioden vil vere krevjande med omsyn til å få avvikle person- og biltrafikk. Det vert lagt opp til samarbeid mellom utbyggjar og offentlege aktørar for å få løyst dette på beste måte.

## **Covid-19 og smittevern**

Per 20. okt 2020 er det registrert 125 smittetilfelle i Øygarden kommune sidan mars 2020. Fram til medio september hadde Øygarden kommune relativt lågt smittetrykk. Det kom så lokale smitteutbrot som gjorde at Øygarden kommune i slutten av september var ein av dei kommunane i landet som hadde høgast smittetrykk. Det vart då innført innskjerpa smitteråd. Innstraminga vart oppheva 6. oktober, då smittetrykket var vesentleg redusert. Kommunen har så langt god kapasitet på testing (90 – 120 personar dagleg) og god kontroll på smittesporing. Som elles i landet kan smittesituasjonen i kommunen fort endre seg, så smitteverntiltak vert fortløpande vurdert av smittevernlege og kriselerdinga i kommunen.

Den pågående pandemien har store konsekvensar for lokalt næringsliv, og kommuneorganisasjonen knytt til utstrakt bruk av heimekontor, samhandling via «Teams», samt at tilsette i alle samanhengar må vere merksame på å følgje generelle smitteråd.

Pandemien har også konsekvensar for Øygarden kommunen sin økonomiske situasjon m.a. knytt til auka utgifter til vikarar, særlig innan Helse og velferd og Oppvekst, reduserte skatteinntekter, auka sosialhjelpsutgifter, auka utgifter til reinhald for å førebygge smitte, o.l. Generelt har pandemien stor innverknad på kostnadane for kommunen.

Regjeringa har signalisert at kommunane skal få kompensert for inntektsbortfall og kostnadsauke. Det er gitt bevilgningar i form av krisepakkar. Desse er fordelte til kommunane etter innbyggartal og inntektsmodell. I 2021 må Øygarden kommunen halde oppe «trykket» på testing og smittesporing. Ved eventuelt auka smittetrykk i kommunen igjen, må det kontinuerleg vurderast omdisponering av personell for heile tida å sikre kapasitet til testing og smittesporing. Fylkesmannen har opplyst i møte med kommunane at utgifter vert kompensert også i 2021. Kommunedirektøren legg dette til grunn, og har difor ikkje lagt ekstrautgifter/ ekstrainntekter inn i budsjettforslaget utover generell auke på legevaka.

## **Leigde lokaler**

Kommunen leigar store areal til bruk for kommunale tenester. Leigeavtalane er fordelt på mange bygg og anna eigedom, dei fleste i Straumeområdet. Fleire av avtalane har langtidsleige og er inngått før 01.01.20. Førebels gjennomgang syner årlege leigeutgifter på omlag kr 50 mill. Kommunedirektøren tilrar at avtalane vert gjennomgått med tanke på kostnads- og arealeffektivisering, samt frigjering av driftsmidlar til tenester for innbyggjarane.

## **Tiltak for å få den økonomiske situasjonen i balanse**

Kommunedirektøren vurderer at Øygarden kommune må ned i talet på stillingar/ årsverk for å kome i økonomisk balanse. KOSTRA tal og rapport frå Telemarksforsking syner at kommunen har høge kostnadar innan administrasjon og oppvekst, sett i høve til samanliknbare kommunar og landet for øvrig. Det er særleg desse områda som har størst potensiale for innsparing, men heile kommunen vil vere omfatta av effektivisering og innsparing. Kommunedirektøren vil difor gjennomføre følgjande tiltak:

- Vikarservice – gjort greie for i KS-sak 128/20
- Omorganisering av stabskommunalsjefområda som følgje av pågående evaluering
- Fase ut stillingar når tilsette seier opp stilling eller går av med pensjon der dette er gjennomførbart

I tillegg til desse punkta ber kommunedirektøren kommunestyret prinsipielt ta stilling til:

- Sluttpakkar
- Oppseiingar

Effektane av slike tiltak vil ein fyrst sjå fullt ut i løpet av økonomiplanperioden, men kommunedirektøren meiner det er avgjerande å starte dette arbeidet allereie no. Det må arbeidast grundig og systematisk med å vurdere og førebu aktuelle tiltak, for i stortrøgt moga grad sikre at tiltaka faktisk får ønska økonomiske effektar. Det må også vurderast langtidseffektane og konsekvensane for omfang og kvalitet i tenestene.

Alle dei aktuelle tiltaka omhandlar forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, og det krev at medverknadsapparatet vert involvert i arbeidet. Kommunedirektøren si samhandlingsgruppe knytt til HTV og HVO er sentrale samarbeidspartnarar. Dei er informert og involvert i budsjettprosessen, og kommunedirektøren vil leggja vinn på stor grad av medverknad i det vidare arbeidet gjennom jamnlege drøftingsmøte.

Dei aktuelle tiltaka er også av prinsipiell karakter då dei kan t.d. medføre prioriteringar som inneber ein ny praksis eller endra nivå på tenestene. Kommunedirektøren vil difor halde politisk leiing orientert, og fremje naudsynte prinsipielle saker til handsaming i aktuelle politiske fora for å få arbeidet forankra politisk.

Kommunedirektøren ynskjer å starte iverksetting av aktuelle tiltak frå våren 2021. Det betyr at organisasjonen allereie no må byrje å arbeide systematisk med å vurdere og førebu aktuelle tiltak dersom kommunestyret vedtek nedtrekket.

Om ein ikkje lukkast med frivillige ordningar, vert det naudsynt å gjennomføre oppseiingar, noko som vil stilla heilt andre krav til juridiske prosessar og forsinke den økonomiske effekten av tiltaka.

## **Ikkje betalt lunsj**

Dei gamle kommunane hadde ulike ordningar i høve betalt/ ikkje betalt lunsj for tilsette. Sund og Øygarden hadde betalt lunsj, dvs. at dei tilsette hadde ei arbeidstid på 7,5 timer pr. dag – 37,5 timer per veke (100% stilling), som inkluderte lunsj. Fjell kommune hadde ikkje betalt lunsj som betydde at dei

## Økonomiplan for 2021-2024

hadde 8 timer pr. dag, der ein halv time lunsj var ubetalt. Dvs. at i Fjell hadde dei 37,5 timer arbeidsveke utan betalt matpause. Desse ordningane omfatta kontortilsette og andre med «ordinær» arbeidstidsordning.

Betalt/ikkje betalt matpause har vore gjenstand for diskusjonar i fleire samanslårte kommunar, då kommunar har støtta seg på KS, som er klar på at hovudregelen for kommunalt tilsette er 37,5 timars arbeidsveke utan betalt matpause. Ålesund, Asker og Orkland er m.a. kommunar der tilsette har mista den betalte matpausen. I februar-20 bebuda Fagforbundet og Delta i desse kommunane at dei går til Arbeidsretten og saksøker KS for betalt matpause for kontortilsette. Rettssaka var opphaveleg beramma i juni-20, men vart flytta til oktober 2020. Utfallet er pr no ikkje kjent.

Då den beramma rettssaka vart kjend i februar, avgjorde administrasjonsutvalet at Øygarden kommune skulle avvente endeleg avgjerd i høve betalt/ ikkje betalt matpause til etter rettssaka. Det betydde at tilsette skulle følgje ordningane frå dei gamle kommunane, med den konsekvens at tilsette frå gamle Sund og Øygarden har betalt lunsj medan tilsette frå gamle Fjell ikkje har betalt lunsj.

I følgje KS sine berekningar så vil betalt matpause gi ei netto arbeidstid pr. veke på 35 timer, mot 37,5 timer for dei som ikkje har betalt matpause. Det betyr at ein arbeidstakar med betalt matpause får eit årsverk som er meir enn tre veker kortare, enn dagarbeidstakarar som ikkje har betalt matpause.

Noverande «to praksis» som berre skulle vere mellombels, må etter kommunedirektøren si oppfatning snarast opphøyre for å harmonisere arbeidstida, slik at tilsette opplever å bli behandla likt og unngå vidare støy rundt dette tema, som har vore ei belastning for arbeidsmiljøet på fleire arbeidsplassar. Dersom resultatet vert at alle tilsette ikkje skal ha betalt lunsj, vil dette gje auka produktivitet ref. berekningane frå KS.

## Kommunestyret sitt vedtak

- Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjetten 2021 og økonomiplanen 2021-2024 slik det ligg føre med desse endringane:

Konto / avdeling /prosjekt	Inntekt	Utgift
Lærebøker - sjå verbal punkt 15		2 mill
Fysioterapeut ref vedtak i KS - sjå verbal punkt 29		0,450 mill
Psykolog		0,720 mill
Feriestengte avlastningsbustader		0,330 mill
Kjøp av eksterne tilbod til skulane. For eks ( Tam, Sotra Vilmark senter, Dale Oen). Sentralt budsjettet. Sjå verbal punkt 16		1,5 mill
Humanitært tilskotspott etter søknad		0,075 Mill
Medlemsskap i industrikommunane		0,025 Mill
Bascamp		0,5 Mill
Omstilling og effektivisering blir auka frå 0,18% til 0,25%. Det vil medføre ein ytterlegare reduksjon i stillingar	5,6 mill	

- Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjetten 2021 og økonomiplanen 2021-2024 slik det ligg føre med desse endringane:

Konto / avdeling /prosjekt	Inntekt	Utgift
Prosjektering av nye bustader for unge funksjonshemma		1 mill
Bruk av lån	1 mill	

- Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimaltsatsane.
- Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 120 mill i 2021.
- Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidareutlån (Startlån) med kr 85 mill i 2021.
- Med heimel i egedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut egedomsskatt for året 2021. For egedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut egedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.

Kommunen vil i 2021 skriva ut egedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2021 vera lik 4/7 av differansen mellom egedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringsegedom.

Kommunen vil i 2021 skriva ut egedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringsegedom, så langt desse var omfatta av egedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

Den alminnelege egedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 6 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 5 promille i gamle Sund kommune.

## Økonomiplan for 2021-2024

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021, jfr. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd.

7. Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2021.
  8. Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 29 216 000 for 2021.
  9. Tilskot til Øygarden bustadutvikling KF er på kr 1 800 000 for 2021.
  10. Tilskot til Øygarden næringsutvikling KF er på kr 3 500 000 for 2021.
  11. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 29 778 000 for 2021.
  12. Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 666 000 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.
  13. Kommunestyret sluttar seg til prinsippet om å ta i bruk sluttpakkar og oppseingar som tiltak for å oppnå ein berekraftig økonomi i tråd med omtale i budsjettet. Før iverksetjing skal vilkåra godkjennast av administrasjonsutvalet.
14. *Heildøgnslassar*  
Kommunestyret har ein målsetnad om å kunne ta i bruk 14 plassar i paviljongen ved Fjell sjukeheim i 2022 og 10 plassar LMS i 2023. Dette vert å koma attende til i samband med oppfølging av sak 156/20 om auka tal på heildøgns plasser og nytt heildøgns omsorgstilbod.
15. *Lærebøker*  
2 mill kr sett av til innkjøp av lærebøker. Basisfaga matte, norsk og engelsk bør prioriterast. Eventuelle midlar til kommunane sett av i statsbudsjettet til ny læreplan, skal opp i formannskapet som sak.
16. *Kjøp av eksterne innan skuleverket*  
Kjøp av eksterne samarbeidspartnarar vert lagt til kommunalsjefnivå. Målet er å oppretthalde aktiviteten til Dale Oen, TAM, Sotra Villmarksenter.
17. *Innbyggjartorg*  
Formannskapet blir forelagt revidert strategi for innbyggjartorget.
18. *MOT-arbeidet*  
Det blir lagt fram eiga sak som skildrar strategien for MOT-arbeidet i den nye kommunen.
19. *Pensjon*  
Kommunestyret ber om at det blir gjennomført ei evaluering av pensjonstenester og vurdert om det er formålstenleg å gå ut på nytt anbod.
20. *Vestsidevegen*  
Vestsidevegen vert jobba vidare med ilag med fylket. Målet må vere ein punktvis utbetring i eit spleislag med fylket. Øygarden kommune skal jobbe for at dette vert lagt inn i Vestland fylke sin RTP.
21. *Transport*  
Det skal leggast fram sak vedr samordning, effektivisering av transport tenestene i kommunen. Saka bør også innehalde plan for meir optimal bruk av bilparken.
22. *Innovasjon*  
Kommunestyret ber om at der blir lagt fram ein eigen innovasjonsstrategi for kommunen innan 1. April 2021.

*23. Straumsundet bru*

Etter at Sotrasambandet har avklart leverandør av OPS prosjektet, skal kommunen gå i dialog med leverandøren jmf sak 027/20 i UFS.

*24. Eiga sak vedr prioritering av planar*

Kommunestyret viser til sak i mai og ber om prioritering av planar blir behandla som eiga sak og ikkje ein del av budsjettet.

*25. Eiga sak om korleis administrasjonen skal følgje opp Sotra Sambandet, CCS og ny hamn*

For sikre ein god dialog og oppfølging av dei tre viktige prosjekta ber Kommunestyret om at det blir laga ei eiga sak om korleis desse skal følgjast opp.

*26. Nye bustader rus / psykisk helse*

Kommunestyret ber om ei sak om etablering/bygging av seks nye bustader til brukarar innan rus og psykisk helse.

*27. Kommunale investeringar i Straume-området*

Det blir så raskt som muleg lagt fram eiga sak som viser framtidige kommunale investeringar i Straume-området sett i forhold til avtalar med private utbyggjarar.

*28. Miljøterapeuter*

Miljøterapeutane som blir overført frå Gangstøa skal nyttast i arbeidet mot å avdekke uønska åtferd og oppfølginga av dette i skulane og barnhagane. Dei skal vere ein del av eit samordna arbeid mot mobbing og anna negativ åtferd. Ved søknad om skjønsmidlar skal finansiering av desse stillingane prioriterast. Restfinansiering vert å kome attende til ved revidering av budsjett i juni 2021.

*29. Fysioterapeutar*

Det blir lagt fram eiga sak for UTL om kor stillinga skal nyttast.

*30. Aksjonssenter*

Aksjonssenteret vert å komme tilbake til i revidert budsjett med intensjon om oppstart hausten 2021.

*31. Beredskapsteam*

Kommunestyret forutset at kommunalt beredskapsteam innan oppvekst blir oppretthalde.

*32. Fergeavløysing*

Det skal fortsatt jobbast opp mot fylkeskommunen vedrørende fergeavløysing for Klokkarvik – Hjellestad slik at ein kan avvikle dette sambandet med fastsamband mot Bergen.

*33. Kringsgrenser*

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av kringsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følgje forvaltningslova sine krav til høyningsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst.

*34. Vurdering av struktur*

Basert på samla skulekapasitet og elevtalsutviklinga på tvers av fleire skular i gamle Øygarden kommune, vert det vurdert som mogleg å legge ned ein skule frå skuleåret 2021/2022.

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer nedlegging av Blomvåg skule.

Prosessen må ta høgde for høyring, medverknad og justering av kringsgrenser slik at elevane kan

flyttast til Tjeldstø og Rong skule.

35. *Disponering av ekstramidlar som eiga sak*

Kommunestyret ber om at disponering av ekstramidler blir lagt frem som eiga sak til Formannskapet.

36. *Prioritering av plansaker*

Kommunestyret viser til vedtak i mai 2020 vedr prioritering av plansaker og legg til grunn at det er denne prioriteringa som vil bli fulgt.

37. *Fond til ØBR*

Det må setjast av til fond kr 250000,- til ØBR i revidert budsjett til våren/sommer 2021 jamfør driftsavtale pkt 6.1.4.

38. *Overlappande tiltak*

Tiltak som overlappar kommunale tenester (eksempelvis PitStop) skal leggast fram for kommunalsjefen for omtale av tiltaket sin effekt og nytteverdi før budsjettbehandlinga.


## Plangrunnlaget

### Innleiing

Det kommunale plansystemet er det viktigaste verktøyet kommunen har for å sikra oppfølging, iverksetting og gjennomføring av politiske mål, prioriteringar og vedtak. Plansystemet må vera føreseileg og funksjonelt å styra etter.

Plansystemet består av politisk vedtekne planar, og har ein hierarkisk struktur med tre nivå av planar, som vist i figuren nedanfor:

1. Strategisk nivå som viser retning for samfunnsutviklinga: Kommuneplanen med samfunns- og arealdel
2. Strategisk utdjuping av overordna visjon, mål og satsingsområde: Kommunedelplanar, temaplanar, strategiar, handlingsplanar og reguleringsplanar for areal
3. Prioritering av tiltak som bidreg til at vi oppnår overordna visjon og mål: økonomiplan/handlingsdelen til kommuneplanen



Figur 1: Plansystemet i Øygarden kommune. Økonomiplanen utgjer handlingsdelen til kommuneplanen (nivå 3).

### Planstrategi


Kommunen skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 10-1. Planstrategien er første ledd i kommunen sitt plansystem og i kommunen si langsiktige samfunnsplanlegging.

Gjennom planstrategien skal kommunen ta stilling til om samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, eller om gjeldande plan skal vidareførast. Kommunen kan også vurdera behovet for andre planar (nivå 2) i perioden. Planstrategien skal drøfta kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, langsiktige arealbehov, miljøutfordringar og tenestene sine utfordringar. Prioriteringar av kva planar kommunen skal jobba fram skal gjerast på bakgrunn av

utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon, og kva for politikk kommunestyret ønsker å føra.

Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023 slår fast at Øygarden kommune skal utarbeida både samfunnsdelen med arealstrategi og arealdelen til kommuneplanen i inneverande periode. Arbeidet med å utarbeida planprogram til samfunnsdelen er i gang, og skal leggast ut på høyring i desember 2020, med sluttbehandling i februar 2021. Planprogrammet skildrar kva for tema- og innsatsområde samfunnsdelen skal ha fokus på, utgreiingsbehov, og medverknadsprosessar som skal gjennomførast i arbeidet med planen. Arbeidet med samfunnsdelen startar formelt opp når planprogrammet vert lagt ut på høyring, og vert etter planen vedteken i februar 2022. Arbeidet med planprogram til arealdelen startar opp hausten 2021.

I planstrategien for Øygarden kommune 2020-2023 står berekraftmåla til FN sentralt. Gjennom arbeidet med planstrategien vart det gjort ei politisk prioritering av berekraftmåla. Åtte berekraftmål er prioritert som særskild viktige for Øygarden kommune i inneverande periode, og vert særskild vektlagt i arbeidet med kommuneplanen.



Figur 2: Politisk prioriterte berekraftmål for Øygarden kommune

## Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen sin utvikling. Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel med arealstrategiar, ein arealdel og ein handlingsdel. Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år. Kommuneplanen skal omfatta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er den viktigaste overordna strategiske planen til kommunen. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar - både for Øygarden som samfunn, og som organisasjon. Arealstrategiar er langsiktige og overordna prinsipp for korleis

## Økonomiplan for 2021-2024

kommunen skal forvalta areala. Arealstrategiane i samfunnsdelen skal ha ei tydeleg kopling mot arealdelen til kommuneplanen.

Planprogrammet for samfunnsdelen vert lagt ut på høyring i desember 2020. Samstundes vert det meldt oppstart av samfunnsdelen til kommuneplanen, jf. planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023.

OFFENTLEGE PLANAR		
PlanNamn	Hovedføremål	Kommentar
Kommuneplan Samfunnsdel – planprogram		Utarbeide planprogram; avklare tema- og satsingsområde, prosess, arbeidsgrupper, samarbeid. Vedtak i februar 2021.
Kommuneplan Samfunnsdel m/arealstrategiar		Arbeid i tverrfaglege arbeidsgrupper, involvering av heile organisasjonen. Utgreiings- og medverknadsarbeid. Planlagt vedtak i februar 2022.
Kommunedelplan for Skogsskiftet	Næring, handel, bustad, turveg mm.	Pågår. Det vert arbeida med høyringsframlegg, m.a. vurdering av rekjkjefølgekrav og modell for utbyggingsavtale for å sikre gjennomføring av planen. Dialog med Øyvar om VA-situasjon. Planlagt høyringsframlegg i desember 2020, og vedtak 3. kvartal 2021.
Planprogram for komunedelplan for Straume	Næring, handel, bustad, turveg, infrastruktur mm.	Kunnskapsinnehenting og dialog med referansegruppe haust 2020. Mogleg samkjøring av prosessarbeid for Stovevatnet. Planlagt førstegangshandsaming fjerde kvartal 2021, vedtak andre kvartal 2022.
Kommunedelplan for Straume	Næring, handel, bustad, turveg, infrastruktur mm.	Oppstart når høyringsframlegg til planprogram for komunedelplan for Straume er klart (planlagt fjerde kvartal 2021).
Kommunedelplan for Nordre Litlesotra	Bustad, tilgang til sjø, infrastruktur	Greie ut moglegheit/prosess for å endre føresegn om overordna plankrav i KPA. Vurdering av arealbruken samkjørast med rullering av KPA
Kommunedelplan for Knarrvika, restriksjonssone	Samfunnstryggleik	Framlegg til plan på høying første kvartal 2021. Planlagt vedtak andre kvartal 2021.
Områdeplan Eide gnr. 20/1,3,11,m.fl.	Næring	Førebuing av planframlegg må samordnast med KPS m/arealstrategiar. Planlagt høyringsframlegg første kvartal 2022, og vedtak fjerde kvartal 2022.
Detaljregulering for fv 209 Arefjordvegen	Veg	Planframlegg venta haust 2020. Planlagt vedtak andre kvartal 2021.
Områdeplan Forlandsvågen	Bustad, næring	Planlagt høyringsframlegg første kvartal 2021. Planlagt vedtak tredje kvartal 2021.
Detaljregulering Ovågen friluftsområde	Friluftsliv/rekreasjon og trafikk-sikring	Usikkert når planen vert førstegangshandsama.
Planprogram for detaljregulering ny fylkesveg / Blom-Naturgassparken	Veg	Planprogram har vore på høyring våren 2020. Slutthandsaming er planlagt andre kvartal 2021. Planarbeidet er ikkje starta opp per oktober 2020.
Detaljregulering Skogsskiftet	Sentrumsf/bustader/offentlige formål	Fått tilslutning til løysing for rundkjøring. Planlagt vedtak andre kvartal 2021 (avhengig av løysing av motsagn), men må koordinerast med framlegg av KDP for Skogsskiftet.

## Økonomiplan for 2021-2024

Områdeplan for SE 1 Bildetangen (nord for Rv 555)	Sentrumsf/bustader/offentlige formål	Planlagt vedtak tredje kvartal 2021, avhengig av løsing av motsegn).
Områdeplan for SE 2 Straumsosen (hytteområdet)	Sentrumsf/bustader/offentlige formål	Ikkje aktiv per oktober 2020. Avtale med konsulent må reforhandlast.
Områdeplan for SE3 Branndalsåsen SE 3 (sør for Rv 555)	Sentrumsf/bustader/offentlige formål	Planen er vedteken, men med motsegn. Krev mekling
Områdeplan Vikane, B13	Bustad, turveg	Planlagt vedtatt fjerde kvartal 2021.

Planlagt framdrift med forbehold om at mellom anna høyringsinnspele og eventuelle motsegn etter førstegangshandsaming kan gi konsekvensar for framdrifta i planarbeidet.

ANNA OVERORDNA ARBEID		
Strategiar	Plantype	Kommentar
Områdemodell for utbyggingsavtalar	Strategi/avtale	Tett kopla til arbeidet med kommunedelplan for Straume og Regionsenterutvikling
Kvalitetsprogram for Ågotnes (strategisk dokument for å samordna kvalitet i planar).	Strategi overordna areal og kvalitetsplan	Under arbeid.
Sykkelby Straume	Prosjekt/avtale	Fireårig avtale (signert 15. mars 2018), med sykkelby-satsing i regionsenteret
Miljøløftet (byvekstavtale)	Prosjekt/avtale	Tett kopling til trafikksikring, fylkesvegar, kollektiv, gange- og sykkel i RTP
VFK, oppfølging av handlingsprogram i regional ATP (bustad, parkering, sykkel, byliv og handel)	Prosjekt i regi av VFK for alle regionsenter i Bergensregionen	Dette er prosjekt der kommunen er involvert, både adm og politisk. Det er prosjekt som involverer næringslivet. Det er prosjekt som er viktig for kunnskapsgrunnlaget for den vidare satsinga på regionsenteret.
Oppfølging og kommunikasjon av prosjekt Sotrasambandet	Gjenomførinsprosjekt i regi av Statens Vegvesen/OPS	Dette prosjektet er avgjerande for utvikling i kommunen og er tett kopla til andre utviklingsprosjekt og samfunnsutvikling. Stort behov for samhandling, koordinering og informasjon internt i kommunen, og mellom kommunen og stat. Behov for god kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar.

Det er viktig å merka seg at fleire av områda der det pågår offentleg planlegging også er avhengig av private planprosessar og andre utviklingsprosjekt. Dei private planane er ikkje med på lista, og pågåande prosjekt er heller ikkje uttømmande. Begge deler vil krevja offentlege ressursar.

I arbeidet med samfunnssdelen til kommuneplanen vil utfordringsbiletet til kommunen og tema- og innsatsområda verta drøfta. I planstrategien for Øygarden kommune 2020-2023 vert det slått fast at behovet for andre planar enn kommuneplanen først kan vurderast når kommunen har etablert mål og strategiar for samfunnsutviklinga i samfunnssdelen til kommuneplanen.

## Økonomiplanen

Kommunen er pålagd å utarbeida ein økonomiplan, jf. Kommunelova § 14-2. Økonomiplanen skal omfatta heile kommunen si verksemd og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Planperioden er dei neste fire åra, og økonomiplanen skal rullerast årleg. Planar som omfattar avgrensa delar av kommunen si verksemd, jf. planstrategien, skal integrerast i økonomiplanen og bruk av midlar skal innarbeidast.

Gjennom økonomiplanen får kommunen oversyn over det økonomiske handlingsrommet, og kan gjera prioriteringar av ressursbruken til ulike føremål innanfor kommunelova sitt krav til økonomisk balanse. Økonomiplanen skal vera saldert i heile 4-årsperioden.

Økonomiplanen kan utgjera eller inngå i kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1, fjerde ledd. I Øygarden kommune utgjer økonomiplanen handlingsdelen til kommunen.

Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen, og er bindande for kommunen.

## Visjon

Eit fyrtårn i vest

## Visjonsbeskrivelse

Øygarden kommune skal byggjast på ein felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen.

## Verdiar

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokuserert

## Organisering

### Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:



Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sotralista (5), Folkeaksjonen Nei til mer bompenger (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.


Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Hordaland fylkeskommune.

### Administrativ organisering

Øygarden kommune er organisert med to fullmaktsnivå (to-nivåmodell). Delegasjon knytt til fag, personell og økonomi vert i ein to-nivåmodell lagt til einingsleiarane. Prinsippet er at mynde til å ta avgjerd skal takast nærest mogleg brukar.

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering:

## Økonomiplan for 2021-2024



## Utvikling og kontroll

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møta utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innafor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

## Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. Per oktober 2020 er bemanninga redusert til 2 380 årsverk, ein reduksjon på 40 årsverk på eitt år. Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

Kommunalsjefområde	Årsverk okt 2019	Årsverk okt 2020	Rådmann/kommunalsjef/ ass.	Einingsleiar
Kommunedirektør inkl. ressursgru	22	12	2	0
Organisasjon og digitalisering	93	88	1	4
Økonomi	35	31	1	3
Oppvekst	1 246	1 217	3	42
Helse og velferd	769	779	3	19
Kultur og samfunn	256	253	2	5
<b>Sum</b>	<b>2 420</b>	<b>2 380</b>	<b>12</b>	<b>73</b>

Den nye kommunen vart dimensjonert med 50 færre årsverk enn summen av dei tre gamle kommunane. Om lag 30 årsverk var vakante stillingar eller tilsette som gjekk av med pensjon ved årsskifte 2019/2020. Fleire av desse var leiarstillingar. Dei resterande 20 årsverka blei overført til ressursgruppa. Omstillingssavtalen gjev desse rett på fast tilsetting ut 2021. Per no er det 10 årsverk igjen i ressursgruppa, i tillegg ligg det innsparingstiltak på kommunalsjefområda som i sum utgjer om lag 30 årsverk i budsjettet for 2021.

Oppsummert har Øygarden kommune til no redusert bemanninga med 70 årsverk samanlikna med sum årsverk i dei tre gamle kommunane. I løpet av 2021 vil bemanninga bli redusert med ytterlegare 40 årsverk slik at vi ved utgangen av 2021 vil ha 110 årsverk færre enn ved oppstart av ny kommune. Dette er under føresetnad av at dei tilsette i ressursgruppa får fast stilling innan 31.12.2021, og at dei 30 årsverka som ligg som innsparingstiltak i budsjett 2021 vert fasa ut i løpet av året. For å oppnå budsjettkravet i 2022 må ytterlegare 70 årsverk fasast ut. Dette betyr at ein i løpet av 2021 må redusera tal årsverk med til saman 110 årsverk.

## Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta tre kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF, Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden næringsutvikling KF.

Det er viktig å sikra eit godt samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til beredskap og kriser.

Gjennom Øygarden næringsutvikling KF vil kommunen leggja til rette for framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen. Kommunen samarbeider og gjev tilskott til ulike aktørar, mellom anna Vest næringsråd, Grunderparken Vest, Bergen og Omland Havn AS, Trigger og Gode sirklar.

Øygarden budstadutvikling KF forvaltar kommunale utlegebustadar frå dei tre tidlegare kommunane. Det pågår arbeid med å finna gode samarbeidsformer mellom kommunen som tenesteytar og tildelar, og bustadutviklinga som forvaltar av eigedomane. I tillegg har Bustadstiftinga om lag 400 utlegebustader, plassert i gamle Fjell kommune, som er til utleige til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Eigarskapsmelding for Øygarden kommune skal utarbeidast i 2021.

## Befolkningsutvikling

### Demografi

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og alders-samansetninga. Ved inngangen til 2020 budde det 38 316 personar i Øygarden kommune. Per 30.06.2020 var folketalet auka til 38 484, ein auke på 0,4 %. Alle dei tre tidlegare kommunane har hatt høg vekst siden opninga av Sotrabrua i 1971. Sjølv om veksten framleis er høg kan ein sjå at folketalet ikkje har auka like raskt dei siste åra som tidlegare.

Nasjonale og globale trendar påverker korleis demografien ser ut i Øygarden kommune, og korleis ein kan venta at folketalet utviklar seg framover. Sentralisering og urbanisering er tydelege trendar nasjonalt, der folk i større grad busett seg i og nær større byar og tettstader enn tidlegare. Små kommunar opplever i større grad fråflytting, medan det er dei større kommunane som opplever vekst. Nasjonalt ser ein også både aukande globalisering (men avtakande vekst i innvandring), ei aldrande befolkning (særskild i distrikta), og avtakande fødselsratar. Ein kan også sjå at stadig fleire bur åleine, og at det er fleire par utan barn enn tidlegare. Slike trendar og utviklingstrekk må kommunen kjenna til, for å kunne vera i forkant og ha moglegheit til å tilpassa seg utviklinga.

Veksten i folketalet vert påverka av fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandsk flytting (innflytting minus utflytting), samt netto innvandring (innvandring minus utvandring). Ei framskriving av folketalet er eit estimat på korleis ein trur framtida vil sjå ut, mellom anna basert på korleis befolkninga har endra seg dei siste åra. For Øygarden er det i hovudsak fødeselsoverskotet som har gitt folkevekst i 2020.


Figuren under syner framskriving av folketalet i Øygarden kommune basert på SSB sitt mellomalternativ (MMMM). Etter denne vil folketalet i 2045 vera om lag 45 800.

Kommunen har lenge hatt ein ung befolkning, men dette er i ferd med å endra seg. Framskrivinga av folketalet tilseier at del eldre i absolute og relative tal vil auka mykje framover, og at Øygarden i 2040 kan venta ei tredobling i talet på eldre over 80 år. Årsaka til dette ligg mellom anna i betre helse og levekår, som har ført til høgare levealder. Saman med lågare fødselsrate dei siste åra gir dette ei endring i alderssamansetninga. Det er venta at trenden med ei aldrande befolkning kjem til å fortsetta i framtida. Ein kan venta seg nullvekst eller nedgang i talet på barn og unge og ein auke i eldre.

Ein slik endring i befolkningssamansettinga fører til at det blir færre i arbeidsfør alder per eldre over 80 år. For kommunen vil dette bety eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover, samstundes som det per eldre over 80 år blir færre hender i arbeid og mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene.

## Demografi

### Befolkningsprognose




	2021	2026	2031	2036	2041	2046
0 - åringar	423	424	456	487	487	473
Barnehage (1-5 år)	2 522	2 249	2 341	2 496	2 597	2 562
Grunnskole (6-15 år)	5 375	5 336	5 052	4 883	5 121	5 362
Videregående (16-19 år)	2 047	2 119	2 079	2 042	1 871	1 953
Voksne (20-66 år)	23 018	23 821	24 694	25 024	25 039	25 054
Eldre (67-79 år)	3 963	4 580	4 936	5 593	6 260	6 578
Eldre (80-89 år)	970	1 372	1 995	2 430	2 704	3 070
Eldre (90 år og eldre)	230	235	316	487	746	924
Total	38 548	40 136	41 869	43 442	44 825	45 976

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

## Prognose vekst



Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

## Status og rammevilkår

### Framlegg til statsbudsjett

Regjeringa sine hovudprioriteringar i framlegget til statsbudsjett for 2021 er:

- Godt smittevern og naudsynne støttetiltak for å møta koronakrisa
- Tiltak for å få folk attende i jobb
- Tiltak for å sikra fleire bein å stå på
- Tiltak for å skapa ei grøn framtid
- Byggja kompetanse
- Tiltak for å inkludera fleire
- Bevara tryggleiken og tilliten i det norske samfunnet

Hovudprioriteringane i budsjettframlegget for Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2021 er:

- **Levande lokaldemokrati.** Regjeringa vil leggja til rette for eit levande lokaldemokrati i heile landet. Eit sterkt lokalt folkestyre gir innbyggjarar og lokalsamfunn fridom og moglegheit til å styra sin eigen kvardag og samfunnsutvikling. Lokalt handlingsrom er ein føresetnad for at kommunen kan jobba med innovasjon og lokalt tilpassa løysingar. Kommunane leverer nokre av dei viktigste tenestene i innbyggjarane sin kvardag. Kommunesektoren er ansvarleg for barnehagar, skular, helseteneste, omsorgstenester, barnevern, kollektivtrafikk, vegar, reint vatn, avlaup og renovasjon. Alle desse områda er vesentleg for arbeidet med å nå berekraftmål 3 om god helse og livskvalitet, mål 4 om god utdanning, mål 6 om reint vatn og gode sanitærtilhøve

og mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

- **Sterkare distrikt.** Regjeringa ynskjer levande lokalsamfunn og vekst i heile landet. Folk bur der verdiene er og vert skapt. Det gjer sterke bedrifter og levande lokalsamfunn til konkurransesfortrinn for Noreg. Granavolden-plattformen kviler på ein grunnleggande forståing av at Noreg er eit samfunn med små skildnader, tillit mellom folk og høg grad av tryggleik.
- **Modernisering av Noreg.** Ein brukarorientert, moderne og effektiv forvaltning. Offentleg sektor har høg tillit i Noreg, og dei fleste innbyggjarane er nøgde med tenestene stat og kommune leverer. Det er eit godt utgangspunkt. Samstundes må velferdssamfunnet vera berekraftig og vera budd på lågare oljeinntekter og ein aukande andel eldre i befolkninga. Offentleg sektor må vera omstillingssyktig, og bruka ressursane effektivt og i samsvar med innbyggjarane sine behov.
- **Trygge og gode butilhøve.** Egna bustader til alle. Sjølv om samfunnet har godt utbygde velferdsordningar, er det framleis ein del som ikkje får den hjelpe dei treng. Regjeringa styrker arbeidet med å tetta hol i tryggleiksnettet, mellom anna ved å forsterka innsatsen for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette er ein del av arbeidet med berekraftmål 1.3 om sosiale velferdsordningar, 10.3 om å redusera skilnadar i levekår og 11.1 om å sikra tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2020 til 2021 med om lag kr 1,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i saldert budsjett, det vil seia pårekna inntektsnivå lagt til grunn i desember 2019 for budsjett 2020. Det er rekna eit særskilt tillegg i realveksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 på om lag kr 1,18 mrd. for primærkommunane, som tilsvarer inntektsreduksjonen i år frå nivået i saldert budsjett til revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2020 til 2021 vil koma som eit tillegg i inntektene. Nominell vekst for Øygarden kommune er rekna til 3,7 %.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skattøyret blir justert frå 11,10% i 2020 til 12,15 % i 2021. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2021.

## Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2020 til 2021, med priskompensasjon. For 2021 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 929 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 per kommune.

## Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Tilskotet er i åra til og med 2020 fordelt med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tilskot til frivilligsentralar vil bli teke ut av rammetilskotet for 2021 med kr 206,8 mill, og i staden gitt som øyremerkt tilskot på Kulturdepartementet sitt budsjett.

## Ressurskrevjande tenester

Kommunane mottar tilskot for personar under 67 år som mottar omfattande tenester innan helse, sosial og pleie- og omsorg frå kommunen. Dette kan mellom anna gjelda psykisk utviklingshemma, fysisk utviklingshemma, rusmisbrukarar, personar med psykiske lidingar og personar med omfattande pleiebehov.

Føremålet med toppfinansieringa er å sikra at tenestemottakarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får eit best mogleg tilbod uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er lagt opp til følgjande for 2021:

- Kompensasjonsgraden vert vidareført med 80 % av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka frå kr 1 361 000 til kr 1 430 000 per brukar. Det inneber ein auke på kr 46 000 utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 %).

Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2021 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2020. Kommunane skal inntektsfra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

## Ny delkostnadsnøkkel for grunnskule

Det er i 2020 innlemma i rammetilskotet kr 1316,8 mill av øyremerkt tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærartettleik på 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelt særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte.

Det er framlegg om ny delkostnadsnøkkel for grunnskule frå 2021. Det blir for 2021 lagt opp til å fordela halvdelen av midlane til tidleg innsats særskilt, basert på den tidlegare fordelinga, og halvdelen etter den nye delkostnadsnøkkelen. Frå 2022 er det planlagt å fordela midlane fullt ut etter den nye delkostnadsnøkkelen. I den nye delkostnadsnøkkelen blir kriteriet for innbyggjarar 6-15 år vekta noko opp. Kriteria for busetjing og gradert basiskriterium blir samla vekta tilsvarende ned.

## Trus- og livssynssamfunn

Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja: Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar. Kr 467,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

## Private barnehagar

Private barnehagar har i gjennomsnitt lågare pensjonsutgifter enn det dei får kompensert. Dette fører til netto uttrekk frå rammetilskotet til kommunane med kr 215,8 mill. Uttrekket frå rammetilskotet blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage.

## Nytt tak på eigendelar for frikort helsetenester

Kommunane får kompensasjon på kr 50 mill. gjennom auka rammetilskot for å kunne ivareta utsette grupper. Tak på eigenandelar 1 og 2 for frikort helsetenester blir slått saman til eit nytt tak for

eigenandelar frå 01.01.2021. Fordeling av kompensasjon på rammetilskotet skal skje etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp.

## Eigedomsskatt

Det vart i statsbudsjettet for 2020 vedteke at maksimal skattesats for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar skulle redusera frå sju til fem promille. I statsbudsjettet for 2021 er det framlegg om at skattesatsen vert ytterlegare redusert frå fem til fire promille.

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Samla kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar er i framlegget til statsbudsjett redusert frå kr 500 mill. til kr 300 mill. Beløp er etter at opptrappinga av ordninga har fått full verknad etter sju år. I 2021 er det framlegg om ei samla kompensasjon på kr 174,4 mill. Kompensasjon blir gitt i rammetilskotet med særskilt fordeling.

## Integreringstilskot

For 2021 er integreringstilskotet for å ta imot flyktningar følgjande:

Bosettingsår	Satsar 2020	Satsar 2021
år 1 (einslege vaksne)	241 000	241 000
År 1 (andre vaksne)	194 300	194 300
År 1 (einslege mindreårige)	187 000	187 000
År 1 (barn)	194 300	194 300
År 2	246 000	249 000
År 3	174 000	177 300
År 4	86 000	88 000
År 5	72 000	72 000
Sum (einslege vaksne)	819 000	827 300
Sum (andre vaksne)	772 300	780 600
Sum (einslege mindreårige)	765 000	773 300
Sum (barn)	772 300	780 600

Ved busetjing av barn i barnehagealder (0-5 år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne innvandrarar, til dømes tospråklege assisterar. Satsen er her kr 27 100 for 2021. Ved busetjing av personar som har fylt 60 år, får kommunen eit ekstra eingongstilskot. Satsen for 2021 er kr 176 000.

Kommunane mottek i tillegg eit særskild tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar. Tilskotet skal sørge for at dei einslege mindreårige flyktningane vert busett raskt og i gode bu- og omsorgstilbod tilpassa det einskilde barnet og lokale forhold. For 2021 er satsane kr 1 147 300 til og med det året barnet fyller 16 år (2020: kr 1 960 000) og kr 728 000 frå 17 år til det året barnet fyller 20 år (2020: kr 750 950).

## Løns- og prisvekst

Berekna løns- og prisvekst (deflator) i statsbudsjettet for 2021 er 2,7 %. Av dette utgjer pårekna lønsvekst 2,2 % og tel om lag to tredelar i den samla kostnadsdeflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester inngår i deflatoren med 3,6 %.

## Pensjon

Det er venta at pensjonskostnadane for kommunane vil gå ned med om lag kr 1,7 mrd i 2020. Veksten i pensjonskostnadane i 2021 er venta å bli om lag kr 600 mill. Endringa i pensjonskostnadane i 2020 og 2021 må sjåast i samanheng.


## Hovudtal i budsjettframlegget

### Sentrale inntekter

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Inntekts- og formuesskatt	-1 126 594	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100
Rammetilskot	-1 033 817	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400
Eigedomsskatt	-158 106	-157 500	-156 000	-154 500	-153 000
Andre generelle driftinntekter	-113 344	-49 176	-49 176	-49 176	-49 176
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-2 431 861</b>	<b>-2 405 176</b>	<b>-2 403 676</b>	<b>-2 402 176</b>	<b>-2 400 676</b>

### Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Frie inntekter er midler kommunene fritt kan disponera utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar.



## Økonomiplan for 2021-2024

KS sin prognosemodell er brukt ved berekning av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot). Framleggget til statsbudsjett for 2021 legg opp til ein nominell skatteauke for kommunane frå 2020 til 2021 på ,6,6 %. Pårekna skatteinntekter for landet byggjer blant anna på pårekna sysselsetningsvekst (0,6 %) og lønsvekst (2,2 %).

Skattøyre er kor stor del av skatt på alminneleg inntekt for personlege skattytarar som skal gå til kommunane. Skatteøyre for kommunane i 2020 er 11,1 %. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skattøyre vert auka med 1,05 prosentpoeng til 12,15 % i 2021. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2021.

	R-2018 *	B-2019 *	B-2020	B-2021
Skatt på formue og inntekt	1 041 434	1 081 014	1 126 594	1 156 100
Rammetilskot inkl. inntektsutjamn.	953 701	995 769	1 033 817	1 042 400
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>1 995 135</b>	<b>2 076 783</b>	<b>2 160 411</b>	<b>2 198 500</b>

\* Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skildnader i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert kompenserte for 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet vert i tillegg kompenserte for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Øygarden kommune har eit skattenivå som er lågare enn landsgjennomsnittet. Det er rekna med at skattenivået vil liggja på omlag 90 % av landsgjennomsnittet i 2020.

Vi har lagt til grunn ein lokal skatteauke i 2021 på 2,0 % frå 2020 til 2021. Auken er rekna frå berekna skatteinngang i 2020. Resten av økonomiplanperioden anslår vi ein nasjonal og lokal skatteauke på 2,0 %.

Rammetilskot	B-2021
Innbyggjartilskot	952 990
Utgiftsutjamning	-33 789
INGAR	-1 454
Saker med særskilt fordeling	14 872
Inndelingstilskot	30 220
Regionsentertilskot (kommunereform)	6 026
Ordinært skjønn	3 100
Skjønn - komp. bortfall av veksttilskot	1 952
<b>Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning</b>	<b>973 917</b>
Netto inntektsutjamning	68 531
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>1 042 448</b>

### Eigedomsskatt

Frå 2019 er ikkje lenger verk og bruk eigen kategori for eigedomsskatt, og for næringseigedommar vert det i eigedomsskattelova presisert at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal skattleggjast. Endringane skal ikkje gjelda for vasskraftanlegg og vindkraftanlegg, men nettanlegg vil i hovudsak bli friteke frå eigedomsskatt. Det same gjeld teleanlegg og anna infrastruktur.

## Økonomiplan for 2021-2024

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget at kommunane skal få tilnærma full kompensasjon for bortfall av inntekter frå eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. Tidlegare var kompensasjonen avgrensa til kr 500 mill. Den er no endra til kr 300 mill, og skal fasast inn over sju år. I 2021 har regjeringa sett av kr 174,4 mill (3/7 av full kompensasjon).

For Øygarden kommune er verknaden av endringa totalt om lag kr 11 mill per år i redusert eigedomsskatt etter overgangsperioden på sju år. Kompensasjonen for 2021 er kr 4,14 mill og vert gitt over rammetilskotet. Innstramminga til regjeringa betyr eit tap på totalt kr 2,8 mill for Øygarden kommune etter innfasinga.

For 2021 vert eigedomsskatt i Øygarden kommune skreve ut etter eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

	R-2019 *	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023	B-2024
Eigedomsskatt	170 932 943	159 206 000	157 500 000	156 000 000	154 500 000	153 000 000

\* Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Øygarden kommune har fleire klagesaker om grunnlag og utmåling av eigedomsskatt til handsaming, i ei av sakene er kommunen stemna for Bergen Tingrett. Om klagar/saksøkjar får medhald vil det få økonomiske konsekvensar for kommunen, både i form av eventuell tilbakebetaling av innbetalt skatt, og framtidige eigedomsskatteinntekter.

Kommunedirektøren meiner at ein først må ta ut potensiale i høve kostnadane før ein ser på auka inntekter gjennom eigedomsskatt på bustader, fritidsbustader eller næring. Dette heng også saman med forventninga om at kommunenesamanslåinga skal gje meir effektiv drift både politisk, administrativt og i tenestene. Etter at arbeidet med harmonisering og kostnadsreduksjonar er gjennomført, vil kommunedirektøren gjera ei ny vurdering. I intensjonsavtalen står det det ikkje skal vera eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, men at konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiaast. Vi anslår at eigedomsskatt på næring kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 20-30 mill, mens eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 55-65 mill. Dette er basert på eit grovt estimat. Det har vore kontakt med fagfolk på feltet som meiner det er vanskeleg å gje eit estimat på eigedomsskatt på næring ut frå registerde næringseigedommar i kommunen. I samband med ei eventuell taksering kan vi gje ein meir nøyaktig kalkyle på kor stort inntektpotensialet er. Det vil ta 1-2 år å gjennomføra taksering. Dette betyr at eigedomsskatt på næring og eventuelt bustader og fritidsbustader kan tidlegast innførast frå 2023 dersom det vert vedteke i budsjettet for 2021.

## Havbruksfond

Stortinget vedtok i 2015 å oppretta eit havbruksfond. Fiskeridirektoratet har ansvar for utbetalingane. Fiskeridirektoratet har ansvar for utbetalingane. Ved fordeling av midlane skal Fiskeridirektoratet leggja til grunn klarert lokalitetsbiomasse, slik det går fram av Akvakulturregisteret 1. september kl 12.00. Først i oktober får kommunane og fylkeskommunane utbetalet pengane.

Alle kommunar og fylkeskommunar, som det framkjem av Akvakulturregisteret har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene som vert fordelt årleg. Jo høgare del av lokalitetskapasiteten den einskilde kommune/ fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som vert fordelt får kommunen.

## Økonomiplan for 2021-2024

Stortinget har vedtatt at kommunesektoren for kapasitetsjusteringa i 2020 vert tildelt kr 2,25 mrd i 2020 og kr 1 mrd i 2021. Av midlane frå kapasitetsjusteringa i 2020 som skal utbetalst i 2020, skal kr 281 250 000 til fylkeskommunane, mens kr 1 968 750 000 vert utbetalst til kommunane. Midlane vert fordelt basert på all klarert lokalitetsbiomasse per 1. september 2020.

Av midlane frå kapasitetsjusteringa i 2020 som skal utbetalast i 2021, skal kr 125 000 000 til fylkeskommunane og kr 875 000 000 til kommunane. Av kommunane sine midlar, skal kr 406 250 000 fordelast basert på ny lokalitetsbiomasse to kalenderår tilbake i tid per 1. september 2021. Dei resterande kr 468 750 000 vert fordelt basert på all klarert lokalitetsbiomasse per september 2021. Frå 2022 kjem i tillegg 40 % av sals- og auksjonsinntekter.

	R-2019 *	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023	B-2024
Havbruksfond	3 161 743	40 000 000	14 500 000	14 500 000	14 500 000	14 500 000

Havbruksfondet er budsjettet med kr 14,5 mill i 2021 og resten av økonomiplanen.

## Driftsutgifter per tjenesteområde (1B)

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Politisk	16 489	17 421	15 989	17 421	15 989
Kommunedirektør	76 627	78 683	78 683	78 683	78 683
Økonomi	30 319	24 456	23 356	23 356	23 356
Organisasjon og digitalisering	349 820	349 159	343 222	338 348	338 348
Helse og velferd	716 090	738 890	725 830	740 816	751 816
Oppvekst	869 230	838 202	813 353	813 352	813 353
Kultur og samfunn	271 081	262 431	259 307	259 307	259 307
Finans (fellesutgifter)	-112 854	-33 367	-33 367	-33 367	-33 367
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>	<b>2 216 802</b>	<b>2 275 875</b>	<b>2 226 373</b>	<b>2 237 916</b>	<b>2 247 485</b>

## Lønsutgifter

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein årlønsvekst på 2,2 %. I budsjettet for 2021 er det lagt inn ein avsetting på kr 21 mill til dekking av lønsoppgjaret i 2021. Løn utgjer omlag 70 % av driftsutgiftene i budsjettet.

	B-2020	B-2021	Endr 20-21
Lønsutgifter	1 498 334	1 518 243	1,3 %
Sosiale utgifter	380 615	373 478	-1,9 %
<b>Sum</b>	<b>1 878 949</b>	<b>1 891 721</b>	<b>0,7 %</b>

## Pensjon

Pensjon er budsettert i samsvar med gjeldande reglar og med 7 års amortisering av premieavvik. Kommunane skal etter gjeldande regelverk rekneskapsføra netto pensjonskostnad. Dette er eit anna beløp enn det som vert innbetalt i premie. Avviket mellom premien og den rekneskapsførte kostnaden vert kalla premieavvik. For 2021 vil pensjonskostnadane utgjere om lag kr 148 mill for Øygarden kommune. Vi budsetterer etter dette med ein sats på 15 % av løn i fellesordninga. For sjukepleiarar er satsen 16 %, og for lærarar 8 %. I tillegg kjem dei tilsette sin del med 2 %.

Det er budsettert med kr 5,6 mill i eigenkapitaltilskot i investeringsbudsjettet etter oppgåve frå Klp.

## Finansinntekter og -utgifter

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Renteinntekter	-14 674	-14 120	-14 120	-14 120	-14 120
Utbytte og eigaruttak	-21 080	-9 080	-11 080	-13 080	-13 080
Gevinst/ tap finansielle omløpsmidlar	-6 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	101 531	75 500	75 500	75 500	75 500
Avdrag på lån	108 890	87 000	87 000	87 000	87 000
<b>Netto finansinntekter/ utgifter</b>	<b>168 667</b>	<b>129 300</b>	<b>127 300</b>	<b>125 300</b>	<b>125 300</b>

## Renteinntekter

Rentenivået har dei siste åra vore sers lågt, og på rentemøtet 7. mai reduserte Noregs Bank styringsrenta med 0,25 prosentpoeng til historisk låge 0,00 %. I september la Noregs Bank fram pengepolitisk rapport der det er ei auka sannsynlighet for at første renteauke først kjem mot slutten av 2022. Ved utgangen av 2023 venter Noregs Bank at styringsrenta kan komma opp mot 0,75 % og dermed NIBOR 3 mnd på 1 %. Renteinntekter er budsjettet med ei inntekt på kr 3 mill i 2021 ut frå ein gjennomsnittleg rentesats på 0,70%. I tillegg er det budsjettet med renteinntekter på utlån på kr 11,1 mill.

Gevinst på finansielle instrument er budsjettet med kr 10 mill.

## Utbryte

Det er i budsjettet for 2021 budsjettet med utbytte på kr 9,1 mill, noko som er ein reduksjon frå kr 21,1 mill i 2020. Dette gjeld utbytte frå BKK og BIR. Årsaka er lågare straumprisar (BKK). Aksjane i BIR er forutsett seld i løpet i nærmeste framtid.

## Avdrag

I Kommunelova er det fastsett korleis kommunen skal berekne minimumsavdrag av låna til kommunale investeringar. Minimumsavdraget skal minst vera lik avskrivingane justert for storleiken på lånegjelda og verdien på avskrivbare anleggsmidler. Det er i budsjett 2021 budsjettet med kr 88 mill i avdrag, og kr 3 mill i mottekne avdrag på utlån.

## Avskrivingar

Avskrivingane i budsjettet er berekna til kr 119,3 mill. Kommunar rekneskapsfører avskrivingar, men desse påverker ikkje netto driftsresultat då det i rekneskapen vert ført ein tilsvarende motpost.

## Avsetninger og årsoppgjørsdisposisjoner

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Til ubunde avsettingar	46 392	0	50 003	38 959	27 891
<b>Netto avsettingar</b>	<b>46 392</b>	<b>0</b>	<b>50 003</b>	<b>38 959</b>	<b>27 891</b>
Netto avsettingar i tenesteområda	-5 000	0	0	0	0
<b>Totalle avsettingar</b>	<b>41 392</b>	<b>0</b>	<b>50 003</b>	<b>38 959</b>	<b>27 891</b>

## Disposisjonsfond

Det er ikkje budsjettet med avsetnad til disposisjonsfond i kommunedirektøren sitt framlegg. I 2022 er det lagt opp til ei avsetting på kr 50 mill.

## Gebyr

Gebyr er justert i forhold til løns- og prisvekst.

## Økonomisk utvikling i planperioden

### Ei berekraftig utvikling

#### FN sine berekraftmål

FN sine medlemsland vedtok i 2015 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. FN sine berekraftmål er sett saman av 17 mål og 169 delmål. Dei skal fungera som ein felles global retning for myndigheter, næringsliv og sivilsamfunn fram mot 2030.

Måla om berekraftig utvikling er gjennomgåande i kommunal sektor. Det kjem til uttrykk både som langsigchte mål, som eit gjennomgåande perspektiv og i konkrete satsingsområde. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggja framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekka sine. Berekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med berekraftmåla, og regjeringa har kome med tydelege forventningar om at kommunane legg FN sine berekraftmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I kommuneplanen som skal utarbeidast for den nye kommunen vil FN sine bærekraftmål vera ein viktig premiss.

#### Klima og miljø

Globale og lokale klima- og miljøproblem utfordrar kommunen til å iverksetje tiltak som kan bidra til å begrense og snu situasjonen. Miljø- og klimatiltak bør difor leggjast til grunn i alt planarbeid og kommunal drift. I arbeidet med samfunnsdelen har Øygarden kommune inngått avtale med Klimapartnere Vestland frå hausten 2020. Som medlem forpliktar kommunen seg til å:

- Arbeide systematisk med miljøstyring
- Gjennomføre årleg klimarekneskap
- Oppnå miljøsertifisering

I tillegg utfordrar Klimapartnere kommunen til å:

- Bli fossilfri innan 2030 (direkte klimautslipp)
- Etablere minst eit spydspissprosjekt for å redusere klimautslepp og sikre grøn næringsutvikling
- Utpeike kontaktpersonar innan ulike tenesteområde

#### Førebygging

Lov om folkehelse pålegg kommunane å driva førebyggande og helsefremmende arbeid på alle område. Med bakgrunn i folketalsprognosene som er vist til i rapporten Telemarksforsking har utarbeidd i samband med kommunenesamslåingsprosessen, vil det vera særsviktig å prioritera førebygging i åra som kjem. Tala er urovekkande dersom tenestebehov og levesett held fram som i dag, då det ikkje vil vera mogleg for velferdskommunen å oppretthalda behandling og pleie på dagens nivå. Det er heller ikkje mogleg innan dei økonomiske rammene å auka årsverka innan tenesta i tråd med den demografiske utviklinga. Dette er ei utfordring som gjeld heile landet, og er med andre ord ikkje unik for Øygarden kommune. Å gi hjelp til sjølvhjelp ved å ta i bruk ny arbeidsmetodikk, velferdsteknologi, samarbeid med frivilligheita og pårørande er naudsynt for å utsetja eller redusera tenestebehovet.

## Økonomiplan for 2021-2024

Det er i 2020 utarbeidd folkehelseoversyn for den nye kommunen. Oversynet gir innsikt i dei områda kommunen har utfordringar, og skal danna grunnlag for kommuneplanen sin samfunnssdel, og sikra systematisk og målretta arbeid for å betra folkehelsa og redusera livsstilssjukdomar. Dette må skje både på samfunns- og individnivå. Særleg viktig er det at innbyggjarane gjennom god kunnskap om samanhengar mellom livsstil og sjukdom vert medvitne om at dei kan, og må ta ansvar for eige liv og eigen helsetilstand. Tidleg innsats i barnehage og skule, tilrettelegging av gode bumiljø, næringsutvikling, arbeid og aktiv fritid er viktige område i det helsefremjande arbeidet.

### Økonomiske handlingsreglar

Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla bør vera nådd seinast innan 31.12.2023.

For å oppnå eit netto driftsresultat på 1,75 % (+ kr 50 mill) innan 31.12.2023 må Øygarden kommune redusera utgiftene med kr 100-120 mill i åra 2021-2023. Kommunedirektøren vil understreka at dette er eit tøft, men oppnåeleg mål.

	Netto driftsresultat		Disposisjonsfond	
	Rekneskap 2019	Prognose 2020	Rekneskap 2019	Prognose 2020
Fjell	-72,4		8,4	
Sund	-8,8		59,6	
Gml Øygarden *	-39,9		42,3	
Øygarden kommune	-121,1	-50	110,4	58

Disposisjonsfondet var ved inngangen til ny kommune kr 148,7 mill. Etter at mindreforbruk og meirforbruk frå dei tre gamle kommunane i 2019 vart ført mot fondet er disponibelt på fondet per oktober 2020 kr 110 mill. Prognosene for 2020 er eit negativt netto driftsresultat på kr 50 mill, noko som betyr at disposisjonsfondet vil vera på om lag kr 58 mill ved utgangen av 2020.

### Digitalisering

Digitalisering betyr å nytte teknologi for å forenkle, fornye og forbetre tenestene. Det kan føre til endringar i organisering, ansvarspllassering, arbeidsprosessar og bemanning. Digitalisering handlar difor like mykje om endringsleiing, kompetanse- og organisasjonsutvikling og ressursforvaltning, som teknologi. Digitalisering er ei trend i tida som fører til store endringar i samfunnet, og får difor konsekvensar for samfunnsplanlegginga.

Samfunnssdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune, skal ta utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og dei politiske prioriterte berekraftsmåla som kommunestyret har jobba fram gjennom prosessar i planstrategien. Hovudsignalet i planstrategien er at organisasjonen har stort potensiale for å hente ut effekt av å styrke digitalisering, men kommunen har ikkje løysingane no – verken i høve kva type styringsdokument kommune treng, eller tema/satsingsområde. Arbeidet med digitaliseringsstrategi kan bli fanga opp i prosessen med samfunnssdelen, og kan avklare om kommunen

faktisk treng ein eigen digitaliseringstrategi, eller om den blir ein del av samfunnsplanen. Difor tilrår kommunedirektøren at arbeidet med digitaliseringstrategi vert innlemma i arbeidet med utarbeiding av samfunnsdelen til kommuneplanen. Parallelt skal det arbeidast med kortsiktige digitale løysingar, for kontinuerleg forbetring og meir effektiv bruk av organisasjonen sine ressursar. Kommunedirektøren legg elles til grunn at det i alt arbeid med digitalisering, vert teke omsyn til den risikoen som er identifisert på relevante område i den overordna heilskaplege ROS-analysen.

## **Effektivisering og harmonisering**

### **Telemarkforskning**

På oppdrag frå formannskapa i Fjell, Sund og Øygarden utarbeidde Telemarksforskning i 2016 ein rapport om kommunesamanslåing for dei tre kommunane. Konklusjonen var at tilhøva låg godt til rette for kommunesamanslåing. Vurderingane vart gjort med bakgrunn i kriteria for god oppgåveløysing som ekspertutvalet har lagt til grunn for kommunens rolle som demokratisk arena, tenesteytar, myndigheitsutøvar og samfunnsutviklar. Samla sett fekk samanslåingsalternativet ein score på 330 av 400 poeng.

Rapporten syner at det kan vera mykje å spa på ny kommunestruktur. Til dømes er det peika på at administrasjonskostnadane kan reduserast monaleg når tre vert til ein, både politisk og administrativt.

Kostra-tala (2014) i rapporten frå dei tre kommunane viser at det er stor effektiviseringsgevinst ved å harmonisera alle tenestene ned til lågaste kommunenivå. Skule, barnehage og pleie og omsorg, som er dei største tenesteområda, vert i stor grad påverka av demografien. Innbyggartalsutvikling og alderssamansetning har stor påverknad på dei statlege rammeoverføringane. Overføringane skal reflektera at dei ulike aldersgruppene kostar kommunane ulikt. Yrkesaktive menneske klarar seg i hovudsak sjølv, medan barn og unge skal ha barnehageplass eller skuletilbod, og med alderen aukar behovet for pleie- og omsorgstenester. Basert på TBU sine framskrivingar og berekningar, vil den nye kommunen få om lag 28 % auka utgifter knytt til demografiske endringar frå 2016 til 2030. Dette vil i stor grad gjenspeila seg i rammetilskotet, men ut frå at det ligg forventning om årleg effektivisering i dei statlege overføringane, kan ein ikkje pårekna kostnadsdekning fullt ut.

Den framskrivne folketalsprognosene i rapporten (SSB mellomalternativ) viser at tenestebebehovet innan barnehage og skule vil endra seg lite fram mot 2040. Når det gjeld pleie og omsorg har behovet auka noko fram mot 2020, men det vil auka kraftig fram mot 2040 (lik landet elles) ut frå at talet på eldre aukar (om lag tredobla). For den nye kommunen vert det difor anslått at behovet for pleie- og omsorgsårsverk vil auka med 17 (pr 1000 innbyggjarar i yrkesaktiv alder) i perioden 2020-2040. Eit grovt anslag syner eit behov for opptrapping av årsverk i perioden med om lag 400 innan denne sektoren om tenestenivået og tenestebebehovet er som i dag.

Telemarksforskning viser til at dei tre kommunane samla hadde eit tilfredsstillande netto driftsresultat i 2014. Ser ein på kommunane kvar for seg er det berre Øygarden som oppfylte kravet om eit netto driftsresultat i tråd med tilrådinga frå TBU. Berekingane syner at den nye kommunen vil ha eit nivå på frie inntekter som er lågare enn i dag. Samstundes peikar rapporten på effektiviseringsgevisten med ny kommunestruktur, særleg innan administrasjon. Netto utgjer desse to faktorane mellom kr 15 – 20 mill. Det vert difor understreka at det er både naudsynt og mogleg å effektivisera tenestene for å oppnå eit berekraftig netto driftsresultat.

### **Rapport om harmonisering i Øygarden kommune**

Våren 2020 vart det utarbeidd og framlagt for kommunestyret ein rapport om harmonisering i Øygarden kommune. Det var her gjort ei vurdering av innsparingspotensiale ved harmonisering av tenestene ved å leggja seg på lågaste kommunenivå. Rapporten peikte vidare på moglege tiltak på kort sikt (budsjett


## Økonomiplan for 2021-2024

2021), mellomlang sikt (økonomiplan 2021-2024) og lang sikt (ut over økonomiplanperioden 2021-2024).

Det er gjort eit grunnlagsarbeid knytt til harmonisering av tenestene. Dette inneber identifisering, standard og nivå, nye rutiner og retningslinjer, lovkrav og ikkje minst opplæring og samordning.


Sjå elles omtale under det einskilde kommunalsjefområde.

### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpende inntekter etter at løpende utgifter er trekt ifrå, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsettingar og investeringar. Netto driftsresultat er såleis eit uttrykk for økonomisk handlefridom og er rekna for å vera den viktigaste indikatoren i kommuneøkonomien. Over tid bør netto driftsresultat liggja over 1,75 % av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera sunn i følgje Teknisk berekningsutval og Fylkesmannen.

## Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Disposisjonsfond er oppsparte midler som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Øygarden kommune vil etter prognosene ha omlag kr 58 mill i disposisjonsfond per 1.1.2021. Norske kommunar har gjennomsnittleg 9,5 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond.

Øygarden kommune har vedtatt at disposisjonsfondet skal aukast til 5 % (kr 150 mill) av brutto driftsutgifter. Dette for å kunne handtera svingingar i inntektene og ha stabilitet i tenestene. Dersom vi skal auka disposisjonsfondet til landsgjennomsnittet, må vi auka fondet til kr 300 mill.

## Vurdering av den økonomiske utviklingen

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Sum inntekter	-2 917 861	-2 850 398	-2 842 223	-2 839 223	-2 837 623
Sum utgifter	2 852 517	2 840 430	2 784 252	2 794 296	2 803 764
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-65 344</b>	<b>-9 968</b>	<b>-57 971</b>	<b>-44 927</b>	<b>-33 859</b>
Netto finansutgifter/ inntekter	23 952	9 968	7 968	5 968	5 968
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-41 392</b>	<b>0</b>	<b>-50 003</b>	<b>-38 959</b>	<b>-27 891</b>
Avsetnader og årsoppgjørsdisposisjon	41 392	0	50 003	38 959	27 891
Overført til investering	0	0	0	0	0
<b>Årsresultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Budsjettet for 2021 vert lagt fram i balanse, der netto driftsresultat er kr 0. Dette er i samsvar med opprinnelig plan for auke av den økonomiske handlefridommen. I økonomiplanperioden er det budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,75 % (kr 50 mill) i 2022.

## Teoretisk innsparingspotensiale

Målt mot Kostragruppe 13, som er kommunar som kan samanliknast med Øygarden kommune, er det eit totalt teoretisk innsparingspotensiale på kr 169 mill. Målt mot landsgjennomsnittet er det totale innsparingspotensialet kr 88 mill. Det må understrekast at dette er 2019-tal, og at Øygarden kommune allereie har teke ut ein del av innsparingspotensialet i samband med kommunesamanslåinga.

Hovudtrekka i analysen syner at vi innan pleie og omsorg bruker mindre ressursar enn samanliknbare kommunar, mens vi innan Oppvekst bruker ein del meir ressursar enn samanliknbare kommunar.

Grafen under viser tenesteområda som bruker meir/mindre enn samanliknbare kommunar justert for utgiftsbehov, privatskoleandel og vertskommunetilskudd PU. Der Øygarden kommuna brukar meir enn andre kommunar vert dette vist over streken. Ulikskapene kan analyserast vidare i tabellen som ligg i vedlegget.



## Tenesteområda i kommunen

### Kommunedirektør

#### Omtale av kommunalsjefområdet

Lønsbudsjettet til kommunedirektøren inneholder overordna stillingar og ressursgruppa. Andre utgifter som ligg på dette ansvarsområdet er tilskot til eksterne samarbeidspartnarar innan næring, kommunale føretak, kyrkja og kommunale medlemsskap.

Oversikta viser status på politiske saker i budsjettframlegget:

Vedtak	Tekst	Status
KS-sak 061/20	Læringer som del av tiltakspakke I	Er med i budsjettframlegget
UFS-sak 032/20	Breibandsutbygging	Er med i budsjettframlegget
KS-sak 130/20	Demenskoordinator	Er med i budsjettframlegget
KS-sak 131/20	Organisering av fastlegeheimilar	Er med i budsjettframlegget
KS-sak 104/20	Auke i tal på heildøgnsplasser og utgreiing av nytt heildøgn omsorgstilbod	a) 14 plassar i paviljongen ved Fjell sjukeheim, kr 15 mill er lagt inn i 2023 b) 10 plassar LMS, kr 11 mill er lagt inn i 2024
UTL-sak 058/20	Plan for skulebesøk på musea i Øygarden	Løyst innanfor Oppvekst si budsjetttramme
KS-sak 129/20	Betre yrkesrettleiing 8.-10. trinn	Løyst innanfor Oppvekst si budsjetttramme
KS-sak 120/20	Felles mobbeprogram og mobbeombod	Løyst innanfor Oppvekst si budsjetttramme
KS-sak 062/20	Krisesentertilbod	Løyst innanfor Oppvekst si budsjetttramme
UFS-sak 026/20	Oppfølging av planstatus for Vestsidevegen	Ikkje prioritert i budsjettframlegget då Vestsidevegen er ein fylkesveg (kan ikkje lånefinansierast)

Kontrollutvalet sitt budsjett er lagt inn i tråd med framlegg frå utvalet. Oversikt over budsjetterte tilskot til kommunale føretak ligg som vedlegg. Her ligg også ei oversikt over søknadar som er kome inn i samband med budsjettet.

#### Driftsbudsjett

##### Fordeling på hovudart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	18 198	10 155	10 155	10 155	10 155
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	-1 099	2 786	2 786	2 786	2 786
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	32 017	597	597	597	597
Overføringer	32 542	66 919	66 919	66 919	66 919
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>81 658</b>	<b>80 457</b>	<b>80 457</b>	<b>80 457</b>	<b>80 457</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-3 658	-401	-401	-401	-401
Refusjonar	-1 373	-1 373	-1 373	-1 373	-1 373
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-5 031</b>	<b>-1 774</b>	<b>-1 774</b>	<b>-1 774</b>	<b>-1 774</b>
<b>Sum</b>	<b>76 627</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

### Fordeling på eining (tabell)

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunedirektør	69 150	71 864	71 864	71 864	71 864
Ressursgruppe	7 477	6 819	6 819	6 819	6 819
<b>Sum</b>	<b>76 627</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>

### Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
Opprinnelig budsjett		76 627	76 627	76 627	76 627
Sum Tekniske justeringer		-8 043	-8 043	-8 043	-8 043
Sum Vedtak forrige periode		11 319	11 319	11 319	11 319
Konsekvensjusteringer		3 276	3 276	3 276	3 276
Konsekvensjustert ramme		79 903	79 903	79 903	79 903
Nye tiltak					
Tilskot til tros- og livssynssamfunn	Kommunedirektør	-1 220	-1 220	-1 220	-1 220
Sum Nye tiltak		-1 220	-1 220	-1 220	-1 220
Nye tiltak og realendringer		-1 220	-1 220	-1 220	-1 220
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>	<b>78 683</b>

### Nye tiltak

#### Tilskot til tros- og livssynssamfunn

Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar for trus- og livssynssamfunn utanom den norske kyrkja. Rammetilskotet til kommunen vert samtidig redusert.

### Kostra-analyse

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
Prioritet								
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) * **)	3 948	4 191	3 130	4 537	3 368	3 198	3 549	3 845
Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B) * **)	831	774	429	818	539	497	464	559
Netto driftsutgifter per innbygger (392) andre religiøse formål (B) * **)	85	74	48	70	62	62	77	70
Netto driftsutgifter per innbygger (393) gravplasser og krematori er (B) * **)	19	20	184	46	0	106	66	85

\* ) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Økonomi

### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Økonomi har to stabsavdelingar. Dette er Innkjøp og investering og Økonomistyring. Kommunalsjefområde Økonomi har ansvar for budsjett/ økonomiplan, rekneskap, analyse, finansforvaltning, eigedomsskatt, fakturering, løn, innkjøp og investering. Skatteoppkrevjarfunksjonen (Kemner) er overført til staten frå 01.11.2020.

### Utfordringar og strategi

Hovudutfordringa fram til 2023 vil vera å nytta ressursane meir effektivt, og møta framtidige behov hos interne og eksterne brukarar.

Innanfor stabsavdeling Innkjøp og investering er det mange pågåande investeringsprosjekt skal sluttførast i 2020. Det er og mange avtaler som må på anbod. I tillegg er dette ei heilt ny avdeling som må byggjast opp frå grunnen, der mange rutinar må på plass.

### Prioriteringar i perioden

- Kommunalsjefområde Økonomi skal bidra til god økonomistyring og effektiv bruk av kommunen sine ressursar
- Kommunalsjefområde Økonomi skal ha effektive arbeidsprosessar og utstrakt bruk av digitale løysingar
- Stabsavdeling Innkjøp og investering skal ut på anbod med mange avtalar og må prioritera å byggja opp ei avtaleoversikt
- Controllerverksemd/ oppfølging «hands-on»
- Vidareutvikling av styringssystem og dokument

### Driftsbudsjettt

#### Fordeling på hovudart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	29 216	23 446	22 746	22 746	22 746
Kjøp av varer og tenester som ingår i kommunal eigenproduksjon	5 858	2 405	2 005	2 005	2 005
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	1 340	0	0	0	0
Overføringer	1 139	1 044	1 044	1 044	1 044
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>37 553</b>	<b>26 895</b>	<b>25 795</b>	<b>25 795</b>	<b>25 795</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-700	0	0	0	0
Refusjonar	-1 534	-2 439	-2 439	-2 439	-2 439
Finansinntekter/ finansieringstransak	-5 000	0	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-7 234</b>	<b>-2 439</b>	<b>-2 439</b>	<b>-2 439</b>	<b>-2 439</b>
<b>Sum</b>	<b>30 319</b>	<b>24 456</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

### Fordeling på eining (tabell)

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunalsjef økonomi	1 310	1 378	978	978	978
Økonomistyring	19 845	16 965	16 265	16 265	16 265
Kemner	2 360	0	0	0	0
Innkjøp og investering	6 804	6 114	6 114	6 114	6 114
<b>Sum</b>	<b>30 319</b>	<b>24 456</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>

### Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
Opprinnelig budsjett		30 319	30 319	30 319	30 319
Sum Tekniske justeringer		-5 070	-5 070	-5 070	-5 070
Sum Vedtak forrige periode		-49	-49	-49	-49
Konsekvensjusteringer		-5 119	-5 119	-5 119	-5 119
Konsekvensjustert ramme		25 200	25 200	25 200	25 200
<b>Innsparingstiltak</b>					
Omstilling og effektivisering	Økonomi	-44	-444	-444	-444
Reduksjon 2 årsverk	Økonomi	-700	-1 400	-1 400	-1 400
Sum innsparingstiltak		-744	-1 844	-1 844	-1 844
Nye tiltak og realendringer		-744	-1 844	-1 844	-1 844
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>24 456</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>	<b>23 356</b>

### Innsparingstiltak

#### Reduksjon 2 årsverk

Reduksjon 2 årsverk innan økonomi.

### Kostra-analyse

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
Prioritet								
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 948	4 191	3 130	4 537	3 368	3 198	3 549	3 845

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Organisasjon og digitalisering

### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering er eit stabsområde som består av einingane Drift, Utvikling, Service og Tryggleik.

Området er under evaluering og vil bli påverka av den pågående evalueringsprosessen og framtidige reorganiseringa av kommuneadministrasjonen.

### Utfordringar og strategi

Kommunalsjefsområdet Organisasjon og digitalisering har ansvar for dei administrative stabs- og støttefunksjonane på vegne av heile kommunen, oghar ein viktig funksjon knytt til å sikra heilskapleg praksis, samhandling, utvikling og rutinar og prosedyrar i heile organisasjonen. Kommunalsjefområdet yter også tenester direkte til innbyggjarane, frivillig sektor og næringsliv, til dømes gjennom kommunikasjon, dokumentsenter, samfunnstryggleik og beredskap, innbyggjartorg, medverknad og samskaping av kommunale tenester, demokratiske prosessar og samfunnsutvikling m.m.

#### Stabsavdeling Drift

Stabs- og støttetenestene innafor personal, dokumentsenter, arkiv og IKT skal ha ei sentral rolle med å leggja til rette for at organisasjonen kan utøva sine oppgåver på ein effektiv og smart måte, gjennom utvikling av enklare arbeidsprosesser og drift av fellesoppgåver, samt gjennom støtte til lineorganisasjonen. Stabsavdelinga skal sikra trygg og forsvarleg drift, og løysa oppgåvene rettidig med høg kvalitet. Stabsavdeling har eit overordna ansvar for å utarbeida og etablera heilskaplege arbeidsrutinar og prosedyrar for å sikra effektiv forvaltning.

#### Stabsavdeling Service

Stabs- og støttetenestene skal leggja til rette for at dei folkevalde kan driva god politisk styring. Dette skjer mellom anna gjennom politisk service og fasilitering digitalt. Avdelinga har også ansvar for oppgåver som informasjon/kommunikasjon, saksbehandling og ulike forvaltningsoppgåver.

Service til innbyggjarane skjer både fysisk og digitalt. I august 2020 vart det etablert innbyggjartorg i kommunesenteret og i kommunedelsentra saman med biblioteka. Vidareutvikling av desse møtestadane og ulike digitale løysingar til bruk for innbyggjarane vil fortsetja i 2021, set i lys av kommunen sitt handlingsrom og økonomiske situasjon. Stabsavdelinga Service skal også gje god service og brukarstøtte på fag- og systemnivå internt i organisasjonen på alle nivå gjennom tilsett-service.

I 2021 blir det viktig for stabsavdelinga å sikra at ei rekke forvaltningsoppgåver blir gjennomført innan rimeleg tid, og med rett kvalitet. Det gjeld mello anna barnehageopptak og andre forvaltningsoppgåver etter barnehagelova, startlån, etableringstilskot, kommunale utleigebustadar, sal- og skjenkebevilling og serveringsløyve, parkeringsløyve for rørslehemma, og redusert foreldrebetaling SFO og barnehagar.

#### Stabsavdeling Tryggleik

Det siste året har eininga arbeidd aktivt med personvern og GDPR. Tryggleik arbeider på tvers i organisasjonen for å bistå og bevisstgjera alle tilsette om krava lovverket stiller på dette området. Auka digitalisering krev også auka fokus på personvernet og kompetanse på området, slik at kommunen kan vera trygg på at ein følgjer dei krava som er nødvendig innanfor regelverket.

Korona-situasjonen har medført eit anna fokus på beredskapsarbeidet enn utgangspunktet var ved starten av 2020. Eininga har bistått kommunen sin kriseleiing med den operative delen av samfunntryggleik og beredskap, i godt samarbeid med resten av organisasjonen.

Det pågående samarbeidet innan HMS med hovudverneombod og bedriftshelsetenesta må halda fram når det gjeld å utforma rutinar og ein heilskapleg HMS-plan for organisasjonen, herunder å sikra opplæring av kommunen sine verneombod. Eit viktig arbeid framover er også implementering av eit heilskapleg kvalitetssystem til bruk for alle tenesteområde i kommunen.

### **Stabsavdeling Utvikling**

Utviklingsavdelinga skal arbeida med å utforma ein verksemdsplan og vera ein aktiv bidragsytar i å byggja og vidareutvikla ein samskapande, framtidsretta og berekraftig organisasjonskultur. Det skal utarbeidast ein IKT-handlingsplan som skal sikra god verksemutsvikling- og styring med å leggja til rette for meir effektive verktøy, arbeidsprosessar og tenester. Eininga har som mål å driva forskings- og nettverksbasert utvikling og delta i regionale og nasjonale samarbeid og nettverk. Det vert særstilt viktig å kobla arbeidet opp mot samfunnsplanen og bistå organisasjonen med søknadar om eksterne midlar.

Digitalisering, automatisering og tenesteutvikling skal bidra til å oppfylla kommunen sine krav og ambisjonar om å fornya, forenkla og betra offentleg sektor, samstundes som innbyggjarar og næringsliv har forventingar om ein enklare kvardag.

### **Prioriteringar i perioden**

Fornya, forbetra og forenkla arbeidsprosessar, utarbeida planverk og implementera kvalitetssystem, slik at gevinstar kan takast ut, og kommunen kan etablira eit lågare behov for administrativ arbeidskraft

- Utviding av dokumentsenter/arkiv – fortsette arbeid med å skanne inn gammalt arkiv i Sund og Fjell for å få eit heilelektronisk arkiv
- Sikra ei stabil, effektiv og rasjonell drift etter store investeringar i utstyr, og nye datalisensar i samband med etableringa av ny kommune
- Førebu og gjennomføra stortingsval 2021
- Sikra ei god og velfungerande verneteneste

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovedart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	99 806	102 713	104 321	97 847	97 847
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	39 899	45 580	37 760	37 760	37 760
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	211 631	208 556	204 556	204 556	204 556
Overføringer	20 003	20 003	20 003	20 003	20 003
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>371 339</b>	<b>376 852</b>	<b>366 640</b>	<b>360 166</b>	<b>360 166</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-251	-251	-251	-251	-251
Refusjonar	-21 268	-27 442	-23 167	-21 567	-21 567
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-21 519</b>	<b>-27 693</b>	<b>-23 418</b>	<b>-21 818</b>	<b>-21 818</b>
<b>Sum</b>	<b>349 820</b>	<b>349 159</b>	<b>343 222</b>	<b>338 348</b>	<b>338 348</b>

### Fordeling på eining (tabell)

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunalsjef organisasjon og digitalisering	1 480	8 364	6 164	6 164	6 164
Drift	53 380	54 921	53 496	53 496	53 496
Utvikling	18 756	15 266	14 726	15 266	15 266
Service	245 665	239 801	234 881	234 881	234 881
Tryggleik	11 658	11 583	12 783	12 783	12 783
HTV, HVO & lærling	18 881	19 223	21 171	15 757	15 757
<b>Sum</b>	<b>349 820</b>	<b>349 159</b>	<b>343 222</b>	<b>338 348</b>	<b>338 348</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

### Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
<b>Opprinnelig budsjett</b>		<b>349 820</b>	<b>349 820</b>	<b>349 820</b>	<b>349 820</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>		<b>2 141</b>	<b>2 141</b>	<b>2 141</b>	<b>2 141</b>
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>693</b>	<b>2 741</b>	<b>-2 673</b>	<b>-2 673</b>
<b>Konsekvensjusteringer</b>		<b>2 834</b>	<b>4 882</b>	<b>-532</b>	<b>-532</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>352 654</b>	<b>354 702</b>	<b>349 288</b>	<b>349 288</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Avslutte vanndispenser og kaffimaskinavtaler, redusere antall kopimaskiner	Organisasjon og digitalisering	-30	-50	-50	-50
Omstilling og effektivisering	Organisasjon og digitalisering	-240	-2 440	-2 440	-2 440
Private barnehagar - harmonisering	Organisasjon og digitalisering	0	-4 000	-4 000	-4 000
Reduksjon 2 årsverk (utvikling)	Organisasjon og digitalisering	-1 400	-1 940	-1 400	-1 400
Reduksjon 2 årsverk (service)	Organisasjon og digitalisering	-700	-1 400	-1 400	-1 400
Reduksjon av kostnadar knytt til fysisk tilrettelegging, oppgradering og utstyr for prosessarbeid (innolab)	Organisasjon og digitalisering	-250	-250	-250	-250
Reduksjon i kjøp av kulturtilbod	Organisasjon og digitalisering	-100	-100	-100	-100
Reduksjon reiseutgifter	Organisasjon og digitalisering	-100	-100	-100	-100
Redusera fysisk bemanning ved innbyggjarservice Skogsskiftet og Rong.	Organisasjon og digitalisering	-900	-1 200	-1 200	-1 200
Vakante stillingar (tryggleik)	Organisasjon og digitalisering	-1 200	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-4 920</b>	<b>-11 480</b>	<b>-10 940</b>	<b>-10 940</b>
<b>Nye tiltak</b>					
UFS-sak 032/20 Breibandsutbygging	Organisasjon og digitalisering	1 425	0	0	0
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>1 425</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak og realandringer</b>		<b>-3 495</b>	<b>-11 480</b>	<b>-10 940</b>	<b>-10 940</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>349 159</b>	<b>343 222</b>	<b>338 348</b>	<b>338 348</b>

### Innsparingstiltak

#### Private barnehagar - harmonisering

Harmonisering av driftsnivået i dei kommunale barnehagane vil få konsekvensar for tilskot til private barnehagar. Dette får effekt to år etter at endringa er gjennomført.

#### Reduksjon 2 årsverk (utvikling)

Redusere to årsverk på Utvikling

#### Reduksjon 2 årsverk (service)

Reduksjon 2 årsverk med halvårsverknad i 2021.

#### Reduksjon av kostnadar knytt til fysisk tilrettelegging, oppgradering og utstyr for prosessarbeid (innolab)

Kutt av faste kostnadar knytt til fysisk tilrettelegging, oppgradering og utstyr for prosessarbeid (innolab)

#### Reduksjon i kjøp av kulturtilbod

Reduksjon av kjøpte kulturtenester i samband med prosessar og utviklingsarbeid

#### Reduksjon reiseutgifter

Nedjustering av kostnadar til reise grunna fleire møter over Teams o.l. Fleire digitale seminar/møter/konferansar i framtida.

### **Redusera fysisk bemanning ved innbyggjarservice Skogsskiftet og Rong.**

Tiltaket reduserer stillinger knytt til fysisk innbyggjarservice, og vil føra til at opningstider blir ulike på Straume, Rong og Skogsskiftet. Vidareutvikling av prosjekt etablering av innbyggjartorg er per oktober 2020 satt på pause som følge av den økonomiske situasjonen.

Det vart i september 2020 registrert 131 besøk på innbyggjartorget på Straume.

### **Vakante stillinger (tryggleik)**

Halde to årsverk vakant 10 månader i 2021.

### **Kostra-analyse**

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
Prioritet								
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **)	3 948	4 191	3 130	4 537	3 368	3 198	3 549	3 845

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Helse og velferd

### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av heimetenester, sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgns omsorg, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, rus og psykisk helse, legetenester og legevakt, lokalmedisinsk senter, flyktningetenester, NAV og helse, meistring og rehabilitering.

### Utfordringar og strategi

#### Eldreomsorg

Øygarden kommune skal syta for gode og forsvarlege helse- og velferdstenester. Kommunen står framfor ei endring i befolkningssamansettina og vil i åra som kjem få mange fleire innbyggjarar i alderen 80+. Den demografiske endringa gjer at vi må arbeida målretta og systematisk med løysingar som kan møta denne utviklinga på ein god og berekraftig måte. Det vil vera behov for å dreia ressursinnsatsen mot meir førebyggande tiltak som kan gje betre helse og livskvalitet for den einskilde. Kommunen må leggja til rette for at innbyggjarane kan bu heime så lenge som mogleg. Det krev ein heilskapleg og tverrfagleg tilnærming i samskaping med frivillige og private leverandørar. Kommunen bør leggja til rette for eit aldersvennleg samfunn, noko som vil krevja tett samarbeid med næringsliv og samfunnet generelt. Dette arbeidet må få ein sentral del i arbeidet med kommunen sin samfunnsdel i planarbeidet.

Sjølv om vi lukkast med førebygging vil auken i tal innbyggjarar 80+ gje auka behov for omsorgstenester. Fleire eldre vil medføra fleire personar med demenssjukdom. Det er viktig at kommunen også for denne sjukdomsgruppa støtter opp om eigenmeistring og auka livskvalitet. Frå 2020 er dagtilbod for demente lovpålagt og innlemma i rammetilskotet. Samstundes veit vi at denne sjukdomen i stor grad medfører behov for heildøgns omsorg og behovet for kvalifisert helsepersonell vil auka. Kommunen må difor vera ein attraktiv arbeidsgjevar som rekrutterer og beheld godt kvalifisert arbeidskraft for å møta auka behov for tenester både innan institusjon og heimebasert omsorg. Arbeidet med å utarbeida ein heilskapleg plan for korleis Øygarden skal møta behovet for helse- og omsorgstenester i åra som kjem er godt i gang. Den nasjonale kvalitetsreforma «Leve heile livet» er førande i dette arbeidet. Arbeidet starta opp i 2020 med stort politisk engasjement, og det er vedteke ein framdriftsplan med prioriteringar i ein 10 års periode. Eit av tiltaka er demenskoordinator som er vedtatt finansiert i budsjett 2021.

#### Rus og psykisk helse

Dei siste åra har kommunane opplevd endringar i sjukdomsbilete der stadig fleire har utfordingar knytt til rusmisbruk og/eller psykisk helse. Opptrappingsplan for rusfeltet (2016 -2020) har sett kommunane i stand til å etablera fleire tiltak for denne brukargruppa. Fleire årsverk i tenestene og bustader for rusmisbrukarar er etablert. I 2020 fekk Øygarden kommune innvilga omlag 6 mill kr til prosjektstillingar, som mellom anna vert nytta til erfaringkskonsulentar og styrka innsats mot ungdom.

Til tross for kommunal innsats innan førebygging og nye løysingar/tilbod er utfordingar knytt til rus og psykisk helse aukande. Reduksjon i tilbod innan spesialisthelsetenesta har gitt kommunane eit større ansvar for dei mest ressurskrevjande brukarane. Øygarden kommune kjøper tenester frå private leverandørar av helse og omsorgstenester for å møta behovet til nokre av desse brukarane. Det vil i perioden vera behov for å kartleggja nærmare om det er tenleg, og eventuelt korleis kommunen sjølv kan setjast i stand til å ta hand om dei mest ressurskrevjande brukarane i kommunal regi.

### Tenester til personar med funksjonsnedsetting

Øygarden kommune har godt utbygde bu- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming. I åra som kjem vil behovet for bustader med heildøgns teneste vere aukande.

Avlastingstilbod for barn og unge med ulike utfordringar er etablert, og er i Øygarden kommune lagt til ei eining for å sikra fleksibel utnytting av eksisterande tilbod og kompetanse. Den største utfordringa er også her knytt til dei mest ressurskrevjande brukarane. Kommunen manglar samlokalisert forsterka butilbod til unge med store hjelpebehov. Det var i tidlegare Øygarden kommune under planlegging fire nye samlokaliserte bustader til denne gruppa på Rong som skulle stette noko av behovet. Øygarden kommune vurderer at det er behov for seks samlokaliserte bustader for å stette behovet i dag. Det vil i perioden vera naudsynt å sjå nærmere på moglege strukturelle og organisatoriske endringar som kan gje meir effektiv tenesteytingan innan området. Frå 2021 vert sone nord og sør organisert under felles einingsleiar for å oppnå meir fleksibilitet og samskaping i tenestene.

Det må arbeidast vidare med korleis tenester som ligg i skjæringspunktet mellom oppvekst og helse og velferd skal løysast på ein meir heilskapleg og samordna måte for denne gruppa.

### NAV

I Øygarden kommune er det vedteke ei minimumsløysing for kommunale tenester ved NAV-kontoret. Dei kommunale tenestene som ligg til kontoret er økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgjeving.

I 2020 går kommunen med mindreforbruk for utbetaling til økonomisk sosialhjelp i høve budsjett. Dette til tross for permitteringer i samband med koronapandemien og høgare arbeidsløyse. Det er sett i verk prosjekt med fokus på tiltak for å stabilisere ytinga økonomisk sosialhjelp, der satsing for å få ungdom ut i arbeid skal prioriterast. Det er særskilt urovekkande utvikling for ungdom som har litat tilknyting til arbeidslivet frå tidlegare. Budsjettet har risiko knytt til utgiftene for 2021 då det er usikkert korleis koronapandemien og andre forhold vil påverke arbeidsmarknaden neste år. Ei vedvarande høg arbeidsløyse vil kunne slå negativt ut. I statsbudsjettet 2021 vert det lagt opp til styrking av mellom anna statlege arbeidsmarknadstiltak og arbeidsavklaringspengar som vil kunne bidra positivt i denne samanheng.

### Kjøp av tenester

Budsjettet har i 2021 høg risiko når det gjeld konto – kjøpte tenester. Dette er kjøpte tenester frå private tilbydarar til heildøgns omsorg til ekstra ressurskrevjande brukarar. Det er store variasjonar i alder, utfordringar og diognosar. Det følgjer ingen statleg refusjon for brukarar over 67 år. Tenestene må vidareførast i same omfang i 2021 inntil det er på plass kommunale tiltak som kan stette behovet hjå denne brukargruppa. Det er både fysisk utforming og kompetent personell som vil vera avgjерande for om kommunen avslutte kjøp og vidareføra i kommunal regi. Det er pågående arbeid med å vurdera ombygging ved Tednebakkane omsorgssenter for å løysa noko av denne utfordringa.

### Legeteneste/legevakt

Legetenesta og legevakt har gjennom 2020 stått i eit enormt press og høgt aktivitetsnivå grunna koronapandemien. Det er oppretta fleire tenester som koronalegevakt, koronatelefon, auka stilling for smittevernlege, smittersporingsteam osv. Kommunen har all grunn til å vera stolt av korleis arbeidet med korona har blitt handtert. I tillegg er det inngått avtale med Bergen kommune om leige av ein akuttplass ved koronaklinikk (døgnplass). Det er grunn til å tru at desse tenestene også må vidareførast i 2021, noko som vil utfordra budsjettet innan legetenesta. Det er difor lagt inn i budsjettet ein auke med tre stillingar for å styrka drifta ved legevakta. I tillegg er det grunna vanskar med rekruttering og stabilitet av fastlegar gjort politisk vedtak om endra organisering av fastlegar med ein kostnad på omlag 2,5 mill kr.

## Flyktningtenesta

Flyktningtenesta er samlokalisert med lege for minoritetsspråklege og helsejukepleiarar som arbeider med flyktningar sentralt på Straume. Kommunestyret vedtok å busetje 28 flyktningar i 2020, inkludert tre mindreårige. Grunna Covid 19 og vanskar med buseting er det pr oktober berre busett sju av vedtaket på 28. Flyktningtenesta har per tid 48 deltagarar i introduksjonsprogrammet som vert fulgt opp. Stortinget har vedteke ei mellombels lov om introduksjonsprogrammet som frå 1. august til 1. november i år opnar for at kommunen kan lenga programmet etter individuell vurdering. Det er sett av kr 411 mill. i statsbudsjettet til dette. Flyktningtenesta vurderar at nær alle i introduksjonsprogrammet vil få lenga deltaking med inntil seks mnd inn i 2021. Framlegg i statsbudsjettet er at Noreg skal ta inn 3000 flyktningar i 2021, det same som Stortinget vedtok i fjer. Med eit slikt utgangspunkt vil det ikkje vere usannsynleg om Øygarden vert oppmoda om å busetja flyktningar også i 2021. Kommunen er i år løyvd tilskotsmidlar til prosjekt "Jobbsjansen" med kr 1,85 mill, der målet er å få innvandrarkvinner i arbeid. Det er pr no 10 kvinner i prosjektet, målet er å auka til 15. Det vert søkt midlar om vidareføring i 2021.

## Prioriteringar i perioden

- Leggja til rette for at innbyggjarane skal bu heime så lenge som mogleg, jf prosjektet «Sjef i eige liv». Alt arbeid skal støtta seg til satsingsområda i st.meld. nr 15 (2017-18) "Leve hele livet"
- Gjennomføra måla i prosjektet «Rehabilitering først». Rehabiliteringsavdelinga ved Øygarden lokalmedisinske senter bør starta opp i 2021 og arbeidet med å få til avtale med andre samarbeidspartar må halde fram. Tverrfaglege vurderingsteam og kvardagsrehabilitering må integrerast i tenestene. Modellen vil føra til økonomisk gevinst på sikt, då fleire vil klara seg utan tenester, eller med redusert tenesteomfang
- Friskliv og meistring skal prioritera tidleg innsats og førebyggande tiltak i lag med alle tenesteområda
- Etablira fleire korttids-/avlastningsplassar for å redusera antal utskrivingsklare pasientar i sjukehus og gje meir avlasting til brukar/pårørande som bur heime
- Vidareutvikla dagaktivitetstilbod til personar med demenssjukdom, og nærmere vurdera unytta potensiale i kommunale dagtilbod
- Prioritera arbeid for å få ungdom i arbeid/aktivitet. Prosjekt "Øygardsmodellen" skal bidra med ny metodikk og nye tiltak
- Etablira tiltak som kan redusera kjøp av private tenester til personar som har behov for heildøgns pleie og omsorgstenester. Det skal vurderast ombygging ved Tednebakkane omsorgssenter for etablering av ekstra skjerma eining
- Sikra aktiv brukar- og pårøranderolle - «Kva er viktig for deg» er eit sentralt omgrep i framtidas utforming av tenestetilbodet
- Innføra DigiHelse (Nasjonalt system for sikker kommunikasjon mellom kommune, brukar og pårørande)
- Utvida bruk av velferdsteknologi, mellom anna byta ut alarmsystem ved institusjonane, etablira døggnopen alarmsentral, ta i bruk digitalt logistikkprogram i heimetenesta
- Kommunen vil etablira fleire tilrettelagte arbeidsplassar gjennom utvida aksjekjøp i Trigger

Prioritera harmonisering og likeverdige tenester til innbyggjarane uavhengig av kor dei bur:

- Kjøken/kantinedrift – samordning/effektivisering reduksjon av 1 årsverk – Effekt 2021: ca kr 500 000
- Merkantil stilling – digitalisering og oppgåvefordeling - allereie innarbeida i 2020 – ingen økonomisk effekt

## Økonomiplan for 2021-2024

- Heimetenester: gjennomgang av tildeling og kriterie for vedtak for alle tenester – ikkje økonomisk effekt p.t – men er meint å utsette behov for auke i budsjett for 2021
- Dagaktivitet – sone nord og sør har ledig kapasitet ved sine dagtilbod for seniorar – det vert vurdert å redusere 4 dagtilbod for eldre til tre med ein innsparing i 2021 med om lag kr 1 mill
- Støttekontakt – under arbeid med omsyn til tildeling og kriterie – noko økonomisk effekt i 2021 men ikkje mogleg estimera

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett 2020				
		2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	692 786	725 081	724 198	739 184	750 184
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	50 817	46 243	31 766	31 766	31 766
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	82 151	79 480	79 480	79 480	79 480
Overføringer	59 304	53 154	53 154	53 154	53 154
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>885 058</b>	<b>903 958</b>	<b>888 598</b>	<b>903 584</b>	<b>914 584</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-53 368	-40 536	-40 536	-40 536	-40 536
Refusjonar	-115 600	-124 532	-122 232	-122 232	-122 232
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-168 968</b>	<b>-165 068</b>	<b>-162 768</b>	<b>-162 768</b>	<b>-162 768</b>
<b>Sum</b>	<b>716 090</b>	<b>738 890</b>	<b>725 830</b>	<b>740 816</b>	<b>751 816</b>

**Fordeling på eining (tabell)**

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunalsjef helse og velferd	16 391	36 009	21 532	35 809	46 809
Heimetenesta sone sør	24 532	29 618	29 618	29 618	29 618
Heimetenesta sone nord	30 307	42 834	42 834	42 834	42 834
Heimetenesta sone Straume	34 952	33 674	33 674	33 674	33 674
Teneste til menneske med utviklingshemming sone sør	33 832	31 690	31 690	31 690	31 690
Teneste til menneske med utviklingshemming sone nord	31 803	21 442	22 042	22 042	22 042
Teneste til menneske med utviklingshemming sone Straume	54 791	46 274	46 274	46 274	46 274
Rus og psykisk helse sone sør	12 157	13 762	13 762	13 762	13 762
Rus og psykisk helse sone nord	17 878	13 972	13 972	13 972	13 972
Rus og psykisk helse sone Straume	36 076	40 088	40 536	41 245	41 245
Flyktningtenesta	20 732	18 457	20 157	20 157	20 157
NAV	73 390	66 811	66 811	66 811	66 811
Fjell sjukeheim	40 768	39 223	39 223	39 223	39 223
Tednebakkane omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad	54 368	45 695	45 800	45 800	45 800
Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad	36 899	36 599	36 599	36 599	36 599
Kvednatunet ink dagsenter	45 350	44 426	44 426	44 426	44 426
Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad	33 333	34 433	34 433	34 433	34 433
Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter	27 364	35 843	35 843	35 843	35 843
Legetenesta ink legevakt og kommunelege	69 046	81 671	80 235	80 235	80 235
Helse- meistring og rehabilitering	22 121	26 369	26 369	26 369	26 369
<b>Sum</b>	<b>716 090</b>	<b>738 890</b>	<b>725 830</b>	<b>740 816</b>	<b>751 816</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

### Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
<b>Opprinnelig budsjett</b>		<b>716 090</b>	<b>716 090</b>	<b>716 090</b>	<b>716 090</b>
<b>Sum Tekniske justeringer</b>		<b>27 252</b>	<b>27 252</b>	<b>27 252</b>	<b>27 252</b>
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>19 713</b>	<b>21 636</b>	<b>20 913</b>	<b>20 913</b>
<b>Sum Budsjettendring i år</b>		<b>-8 662</b>	<b>-8 662</b>	<b>-8 662</b>	<b>-8 662</b>
<b>Konsekvensjusteringer</b>		<b>38 303</b>	<b>40 226</b>	<b>39 503</b>	<b>39 503</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>754 393</b>	<b>756 316</b>	<b>755 593</b>	<b>755 593</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Ekstrahjelp, teneste til menneske med utviklingshemming	Helse og velferd	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Feriestengte arbeidssentre, Straume og Rong	Helse og velferd	-128	-128	-128	-128
Feriestengte avlastningsbustader	Helse og velferd	-333	-333	-333	-333
Harmonisering kjøkken	Helse og velferd	-574	-574	-574	-574
Omorganisering dagtilbod	Helse og velferd	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Omorganisering kriseteam	Helse og velferd	-500	-500	-500	-500
Omorganisering til to soner, tenesteområde for menneske med nedsett funksjonsevne	Helse og velferd	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Omrstilling og effektivisering	Helse og velferd	-1 500	-15 600	-15 600	-15 600
Reduksjon 20% stilling Tednebakkane omsorgssenter	Helse og velferd	-111	-111	-111	-111
Reduksjon opplæring/ kurs	Helse og velferd	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Reduksjon stiling, psykolog	Helse og velferd	-721	-721	-721	-721
Reduksjon stiling LIS-1 lege	Helse og velferd	-730	-730	-730	-730
Reduksjon stilling, rus og psykisk helse	Helse og velferd	-723	-723	-723	-723
Sosialhjelpsutgifter	Helse og velferd	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Vakant Ergoterapeutstilling	Helse og velferd	-105	0	0	0
Vakant psykologstilling, 6 mnd, rus og psykisk helse	Helse og velferd	-448	0	0	0
Vakant stilling, assisterende kommunalsjef	Helse og velferd	-1 203	-1 203	-1 203	-1 203
Vakant stilling, rus og psykisk helse	Helse og velferd	-709	-709	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-17 785</b>	<b>-31 332</b>	<b>-30 623</b>	<b>-30 623</b>
<b>Nye tiltak</b>					
10 plassar LMS	Helse og velferd	0	0	0	11 000
14 plassar i paviljongen ved Fjell sjukeheim	Helse og velferd	0	0	15 000	15 000
3 årsverk sjukpleiar, legevakt	Helse og velferd	2 155	719	719	719
LIS3-veileder	Helse og velferd	127	127	127	127
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>2 282</b>	<b>846</b>	<b>15 846</b>	<b>26 846</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>		<b>-15 503</b>	<b>-30 486</b>	<b>-14 777</b>	<b>-3 777</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>738 890</b>	<b>725 830</b>	<b>740 816</b>	<b>751 816</b>

### Innsparingstiltak

#### **Ekstrahjelp, teneste til menneske med utviklingshemming**

Det er i samband med kommunesamslåing overført konto for løn ekstrahjelp som ikkje vil vere aktuell i 2021.

Konsekvens: ingen

#### **Feriestengte arbeidssentre, Straume og Rong**

Feriestengte arbeidssentre Straume og Rong.

Liten konsekvens.

#### **Feriestengte avlastningsbustader**

Avlastingstiltak for barn og unge med særskilte behov vert stengt 3 veker sommaren 2021.

Konsekvens: redusert avlastingstilbod til foreldre for barn med særskilte behov.

## **Harmonisering kjøkken**

Harmonisering av kjøkendrifta mellom ulike institusjonar er vurdert å kunna gje ei innsparing på eitt årsverk. Det vert arbeidd med tiltak som redusert utkøyring av varm mat og generelt kva kjøken skal levere med omsyn til bestillingar frå organisasjonen.

## **Omorganisering av dagtilbod**

Øygarden kommune har 4 ulike kommunale dagtilbod for eldre heimebuande, i tillegg til andre samarbeidstiltak med frivillige og private aktørar. Det er ønskeleg å effektivisere drifta av dei kommunale tilboda, mellom anna å redusere frå 4 til 3 kommunale tiltak.

## **Omorganisering kriseteam**

Ordninga med psykososialt kriseteam og barnevernvakt er under evaluering. Det vert vurdert at det er mogleg å reorganisera desse avtalane, noko som gjev økonomisk gevinst men samtidig opprettheld forsvarleg teneste

## **Omorganisering til to soner, tenesteområde for menneske med nedsett funksjonsevne**

Tenesteområdet for menneske med nedsett funksjonsevne er delt i tre soner med ulik storleik. Ledig stilling vert inndratt samstundes med omorganisering til to soner.

## **Reduksjon opplæring/ kurs**

Reduserte utgifter til opplæring/kompetanseheving. Det vert lagt opp til meir digital kompetanseheving.

## **Reduksjon stiling, psykolog**

Stillinga vert inndradd.

Konsekvens: meir gruppeoppfølging/digital oppfølging.

## **Reduksjon stilling LIS-1 lege**

Øygarden kommune har avtale om 4 LIS-legar. I lys av kommunesamanslåing vert det anbefalt 3 LIS-legar frå 2021. Til samanlikning med andre kommunar har Øygarden fleire LIS-legar enn det som er gjennomsnittet i nabokommunane.

## **Sosialhjelputgifter**

Justert etter forbruk i 2020. Det er sett i verk mange tiltak innan NAV med tilskotsmidlar frå stat og fylkeskommunen for å hjelpe særskilt ungdom over til utdanning eller arbeid. Det er med denne innsatsen forventa redusert forbruk også i 2021. Budsjettet har sjølv sagt risiko med omsyn til Korona og andre ytre faktorar som bidrar til å påverke rekneskapen.

## **Vakant stilling, rus og psykisk helse**

Det er vurdert at stillinga kan stå vakant. Harmonisering og oppgåvefordeling saman med satsing på digitale verøyr vil bidra til forsvarleg teneste.

## **Nye tiltak**

### **3 årsverk sjukepleiar, legevakt**

Det er oppretta tre nye årsverk på legevaka.

## Økonomiplan for 2021-2024

### LIS3-veileder

LIS3-veileder lovpålagt, 10% stilling

### Kostra-analyse

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>								
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) *) **)	150	149	372	102	108	210	255	240
Netto driftsutgifter per innbygger (241) diagnose behandling re-/habilitering (B) *) **)	2 647	2 996	2 036	2 324	1 990	1 790	1 884	2 069
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **)	3 580	3 909	3 173	3 032	2 842	2 761	2 875	3 015
<b>Produktivitet</b>								
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	45 865	47 213	52 998	38 010	51 344	44 238	54 861	49 860
Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (B) *)	143	150			134	125	132	135
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	10,70 %	9,40 %	13,80 %	10,70 %	15,00 %	11,30 %	11,10 %	11,90 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B) **)	6,60 %	5,90 %	4,90 %	6,60 %	3,50 %	4,00 %	4,00 %	4,40 %
<b>Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)</b>								
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,1	5,2	5,9	7,8	7,5	5,1	7,5	7,7
<b>Kvalitet</b>								
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem (B)	0,01	0,01	0	0,01	0	0	0	0,01
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem (B)	0,02	0,02	0	0,01	0	0	0	0,01
<b>Økonomi</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg	14 992	16 610	14 246	25 196	22 155	22 765	20 978	22 418

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Oppvekst

### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Oppvekst består av barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, BUFT (barn, unge og familietenester), PPT (pedagogisk psykologisk teneste) og barnevern. Kommunen har 17 kommunale barnehagar, 18 private barnehagar, 17 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular, samt Gangstøressurssenter som også er ein ungdomsskule. Det er ein privat barne- og ungdomskule i kommunen.

### Utfordringar og strategi

#### *Oppvekstprofil Øygarden kommune*

Oppvekst skal saman med dei andre tenestene i Øygarden kommune sikre at innbyggjarane sine kommunale velferdstenester er bærekraftige. Saman skal vi sikre innbyggjarane gode levekår og likeverdige tenester.

Strategiane skal vere forskingsbaserte og metodane skal involvere den/dei tenesta gjeld. Å leie er også å prioritere. Det tyder at ein må velgje kva område ein skal starte med å utvikle og kva område ein vil ta seinare. Mange av områda som må utviklast er også "langsame" å utvikle: det krev år med fast fokus for heile kommunen. Til dømes utfordringa knytt til befolkninga i kommunen har noko lågare utdanningsnivå enn andre samanliknbare kommunar. Å satse på dei som er born og unge no, har ein kort og ein langsiktig gevinst.


#### Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnssamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Komunehelsa statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårligare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikke testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

## Kommunehelsa statistikkbank



## Prioriteringar i perioden

Vidare følgjer kva oppdrag tenesteområdet vil prioritere i perioden for å møte utfordringar, følgje opp strategiar og nå mål.

### Harmonisering

Harmonisering av tenestetilbodet (tenestestandard, dekningsgrader, gebyr og brukarbetalingar) er ein viktig del av kommunesamanslåinga, og eit vilkår for at Øygarden kommune kan tilby gode og likeverdige tenester til innbyggjarane uavhengig av kor ein bur. Arbeidet med harmonisering vil måtte skje over fleire år. Harmonisering av tenester må sjåast i samanheng med kommuneplan og temaplanar som i hovudsak vil bli utarbeidd i 2021 og vidare framover.

Skulane sine tenestetilbod er harmoniserte frå og med skuleåret 2020-21. Det same er barnehagane sine grunntildelingar. Vidare vil det vere eit viktig arbeid no i 2021 å harmonisere og effektivisere spesialundervisning og støtte i skule og barnehage.

### Mobilitet ved endringar i tenestebehov

Det er vedteke i kommunetyret at det skal etablerast eit Vikarservice. Å kunne melde tilsette overtallige i ei eining, er nødvendig for kommunen. Grunntildelinga i enkelte einingar varierer med tal på barn/elevar/eldre einingar får ansvar for år for år. Det er naudsynt å skape eit internt system for å kunne flytte kompetanse/ kapasitet og lønsutgifter mellom einingar.

Sjukefråværet i barnehagane er stort. Dette skuldast mellom anna at det er for lite tilgang på vikarar, slik at tilsette blir ståande "for lenge i for mykje". I koronatid er dette problemet auka for dei fleste. Barnehagane har då ei endå større utfordringar enn tidlegare, knytt til dette. Vikarservice er altså eit verkemiddel som også kan spele inn på nærverstala vidare. Dette er nok eit langsiktig arbeid å få på plass i fullt monn, men alt i 2021 forventar vi å kunne hauste nyttige erfaringar og innsparingar til vidare utvikling.

### **Felles kvalitetssystem**

Utvikling av kommunen sitt kvalitetssystem vil sikre gode felles avklaringar. Digitale løysingar er vesentleg for utvikling i dei fleste av tenestene. Også for tenester som ein tidlegare har tenkt må vere analoge, har forsking i dag vist at ein med fordel kan ha nytte av å digitalisere heilt eller delvis. Varm teknologi, det vil seie teknologi som lagar fellesskap, avklaringar mellom folk, og som kan sikre framdrift i oppgåver mellom møter mellom fagfolk og innbyggjarar, kjem til å vere viktig for utvikling av tenester i Oppvekst. I 2020 har mange fått eit stort kompetanseløft på området. Vi ser at ein del teknologi effektiviserer tilbod/ teneste/ møter. Men det har også gjeve erfaring med at ein del områder, særleg knytt til oppleving av menneskeleg fellesskap, tapar, på dei teknologiske arenaene.

Harmonisering av avtalar, retningslinjer og rutiner er godt i gang, men framleis står att mykje å gjere på området.

### **Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats**

Øygarden nyttar Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) som eit felles system for å handtere og avklare forventingar knytt til dei ulike einingane og rollene i saker som vedkjem fleire tenester. Å lære opp tilsette og få dette systemet i drift vil vere ein av dei viktigaste fagmåla for 2021.

Barnevernsreforma 2022, meir som ein kommunereform, krev ei planlagt omlegging av kommunen sine tenester på tvers av tenesteområde. Både plan, bygg/eigedom, transport, Nav, ulike tenester hjå Helse og velferd og Oppvekst, må samhandle og skape gode planar for endringane som skjer i 2022. Då får kommunane eit omfattande ansvar overført frå statlege og regionale mynde for betre og tidlegare innsats. Dette stiller store krav til felles planlegging og prioritering.

Å skape gode fagmiljø på tvers av ulike roller, oppgåver og fysiske omgjevnader, gjev særleg ansvar til leiing knytt til å ha system for gode felles møteplassar for lærings- og utviklingsmiljø. Dei utfordringane samfunnet har knytt til smittebegrensning utfordrar organisasjonen og tenestene på nye måtar, men det gjev også nye moglegheiter og betra digital kompetanse.

### **Innbyggjarperspektiv- skreddarsaum**

Innbyggjarane si stemme er vesentleg for velferdsutviklinga i kommunen. Her har kommunen verktøy både digitalt og metodisk som gjev organisasjonen høve til å løysingar på einingsnivå, mellom eininger, mellom kommunalsjefsområde. Desse må vi ha opplæring i og nytte/ øve. Desse systema kan også nyttast i arbeidet med kvalitetsindikatorar (KPI) for heile kommunen si evne til tverrfagleg samarbeid.

### **Læringsmiljø**

I 2021 får også barnehagane skjerpa lovverk knytt til barn sine rettigheter til godt oppvekstmiljø, tilsvarande skulen sitt lovverk knytt til læringsmiljø. Aktivitetsplikta til tilsette er ein vesentleg del av verkemiddelet. Auka kompetanse knytt til endringane og vidare satsing på å utvikle ei heilsakapleg forståing og eit felles system knytt til dette området, er ei satsing og også knytt til kommunestyrevedtak. Det vil skje ved å vidareutvikle systema og kompetansen vi har frå Trygg Fellesskap-modellen.

### **Berekraft og utdanning**

Samarbeid- Samskaping- Kreativitet- Problemløysing- Kommunikasjon- Karakterbygging. Desse seks

tema er vesentlege når samfunnet skal utdanne for framtida (OECD- 21th Century skills). Denne forskinga heng saman med FN sine berekraftsmål. Aukande ulikskap i sosiale, kulturelle og økonomiske forhold kan utfordre demokratiet og føre til at færre deltar aktivt i samfunnet. Vi ser at auka polarisering er ein internasjonal trend. Dette må møtast aktivt for å sikre fred, demokrati og berekraftig utvikling.

Øygarden kommune skal legge til rette for inkludering, slik at innbyggjarane opplever tilhørsle og tek medansvar. Oppvekst har eit viktig oppdrag i dette arbeidet. Barnehagar og skular er viktige arenaer for demokratiopplæringa og for å motivere til samfunnsengasjement. Barnehage og skule er sentrale samarbeidspartnarar med lokale lag, foreiningar og organisasjonsliv, og saman gjev dette nærmiljøutvikling og lokal samfunnsutvikling. Å leggje til rette for at barn og unge opplever at dei er viktige individuelle, positive aktørar, både heime, i kvardagen, i lokalmiljøet og globalt, er vesentleg for både evna og lysta unge har til å vere med å bidra/ ikkje berre ta i mot. Dette kan vere den viktigaste opplæringa vi kan gi barn og unge, når vi ynskjer ansvarlege og kunnskapsrike innbyggjarar. Det tyder mellom anna at Råd for menneske med nedsette funksjonsevne, elevråda og Ungdommens kommunestyre er viktige aktørar for kommunen og for ei berekraftig utvikling. Skolen som samfunnsbygger er ei ny satsing og ei vidareutvikling i samarbeidet mellom kommune og MOT, som skal gje ungdomsskulane og kommunen ei støtte til felles mål i MOT-arbeidet framover.

### Bemanningsnorm

Å setja bemanningsnorm er styringsgrep som er gjort nasjonalt, der intensjonen er å støtte kvalitet både i skule og barnehagar. Dette gjev dei nedre rammene for forsvarleg ressursbruk i svært mange av Oppvekst sine einingar. Samstundes kan dette utfordre ressursar til dei tenestene som ikkje har slik lovprålagde normer. Kommunen vil sikre at desse normtala er haldne, og vil ikkje gå over dei nasjonale minstekrava for ressurstildeling utan særleg grunngjeving.

**Kompetanse og tenesteinnovasjon** Oppvekstfeltet er for tida i mange omleggingar knytt til kompetanse. Til dømes er kompetansekravet i grunnskulen ei lovendring med tilbakeverkande kraft, som gjer at Øygarden kommune må sikre oversikt og plan for at tilsette har nødvendig kompetanse til å undervise i dei faga dei vert nytta til. Arbeidet med å ha oversikt over behov og sikre tilsette vidareutdanning innan fristen som er sett nasjonalt pågår. Kommunen sikrar årvisst å få del av dei økonomiske, nasjonale incentiva knytt til vidareutdanning av tilsette i oppvekstfeltet.

Digitalisering er ein del av kvardagen i større eller mindre grad, for alle tilsette og alle tenester i Oppvekst. Fagfornyinga i skulen har klare forventningar til mellom anna at undervisninga skal vere heilskapleg og gje høve til at elevane skapar seg kunnskap og kan uttrykkje kunnskap og nytte seg av kunnskap.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovedart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	921 501	880 206	874 906	874 906	874 906
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	59 918	52 624	33 075	33 074	33 075
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	41 818	45 958	45 958	45 958	45 958
Overføringer	14 705	14 280	14 280	14 280	14 280
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>1 037 942</b>	<b>993 068</b>	<b>968 219</b>	<b>968 218</b>	<b>968 219</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-68 097	-68 293	-68 293	-68 293	-68 293
Refusjonar	-99 519	-85 877	-85 877	-85 877	-85 877
Overføringer	-1 096	-696	-696	-696	-696
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-168 712</b>	<b>-154 866</b>	<b>-154 866</b>	<b>-154 866</b>	<b>-154 866</b>
<b>Sum</b>	<b>869 230</b>	<b>838 202</b>	<b>813 353</b>	<b>813 352</b>	<b>813 353</b>

Økonomiplan for 2021-2024

**Fordeling på eining (tabell)**

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunalsjef oppvekst	19 439	2 604	-21 446	-21 466	-21 446
Bildøy barnehage	8 001	4 913	4 913	4 913	4 913
Bjørøy barnehage	8 575	9 088	9 088	9 088	9 088
Breivik barnehage	-18	0	0	0	0
Glesnes barnehage	6 929	6 851	6 851	6 851	6 851
Hamramyra barnehage	13 503	13 687	13 687	13 687	13 687
Knappskog barnehage	12 037	10 516	10 516	10 516	10 516
Klokkarvik barnehage	13 361	13 081	13 081	13 081	13 081
Leirstaden barnehage	10 978	12 758	12 758	12 758	12 758
Marihøna barnehage	8 532	7 470	7 470	7 470	7 470
Skogsvåg barnehage	14 758	13 348	13 348	13 348	13 348
Stranda barnehage	12 449	13 119	13 119	13 119	13 119
Straume barnehage	6 059	5 250	5 250	5 250	5 250
Telavåg barnehage	5 363	5 625	5 625	5 625	5 625
Terna barnehage	17 819	11 766	11 766	11 766	11 766
Tjeldstø barnehage	-13	0	0	0	0
Tussetjødna barnehage	8 845	6 702	6 702	6 702	6 702
Ulveseth barnehage	5 392	5 061	5 061	5 061	5 061
Ågotnes barnehage	8 891	9 597	9 597	9 597	9 597
Liljevatnet barnehage	13 945	14 463	14 463	14 463	14 463
Bjørøy skule	12 323	11 742	11 742	11 742	11 742
Blomvåg skule	10 720	8 826	8 826	8 826	8 826
Brattholmen skule	24 759	28 247	28 247	28 247	28 247
Foldnes skule	24 480	24 491	24 491	24 491	24 491
Hjelteryggen skule	28 222	26 118	26 118	26 118	26 118
Knappskog skule	22 646	26 639	26 639	26 639	26 639
Kolltveit skule	24 769	25 138	25 138	25 138	25 138
Landro skule	23 716	24 007	24 007	24 007	24 007
Rong skule	14 544	12 698	12 698	12 698	12 698
Skogsvåg skule	27 086	23 837	23 837	23 837	23 837
Skålevik skule	13 127	13 340	13 340	13 340	13 340
Spildepollen skule	20 023	18 289	18 289	18 289	18 289
Stranda skule	34 421	32 769	32 769	32 769	32 769
Tjeldstø skule	12 548	11 008	11 008	11 008	11 008
Toftøy skule	16 606	13 889	13 889	13 889	13 889
Ulveset skule	20 636	20 981	20 981	20 981	20 981
Ågotnes skule	25 620	29 585	29 585	29 585	29 585
Fjell ungdomsskule	49 196	48 853	48 853	48 853	48 853
Sund ungdomsskule	33 162	32 630	32 630	32 630	32 630
Tranevågen ungdomsskule	45 850	47 190	47 190	47 190	47 190
Øygarden ungdomsskule	23 807	25 562	25 563	25 562	25 563
Gangstø ressurssenter	12 316	9 326	8 626	8 626	8 626
Vaksenopplæringa	10 283	7 229	7 229	7 229	7 229
Barn, unge og familietenester (BUFT)	35 880	38 400	38 300	38 300	38 300
PPT	19 301	31 471	31 471	31 471	31 471
Barnevern	88 344	80 038	80 038	80 038	80 038
<b>Sum</b>	<b>869 230</b>	<b>838 202</b>	<b>813 353</b>	<b>813 352</b>	<b>813 353</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

### Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
<b>Opprinnelig budsjett</b>		869 230	869 230	869 230	869 230
<b>Sum Tekniske justeringer</b>		-30 131	-30 131	-30 131	-30 131
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		20 123	20 124	20 123	20 124
<b>Sum Budsjettendring i år</b>		2 000	2 000	2 000	2 000
<b>Konsekvensjusteringer</b>		-8 008	-8 007	-8 008	-8 007
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		861 222	861 223	861 222	861 223
<b>Innsparingstiltak</b>					
Barnevern innsparing kjøp av eksterne tenester - meir bruk av eigne tilsette.	Oppvekst	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Harmonisering og reduksjon av spesialundervisning og særskild norskopplæring	Oppvekst	-1 500	-3 500	-3 500	-3 500
Lærarnorm for grunnskulen - reduksjon av nivå mot nasjonal minstestandard	Oppvekst	-2 500	-4 000	-4 000	-4 000
Omstilling og effektivisering	Oppvekst	-1 800	-18 900	-18 900	-18 900
Reduksjon av nivå - Spesialpedagogisk hjelp barnehage	Oppvekst	-3 000	-4 000	-4 000	-4 000
Reduksjon av årsverk i jordmertenesta	Oppvekst	-300	-400	-400	-400
Reduksjon driftsnivå MOT- Harmonisering	Oppvekst	-300	-300	-300	-300
Reduksjon driftsnivå på heile kommunalsjefsområde oppvekst	Oppvekst	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Reduksjon grunnbemanning SFO	Oppvekst	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Reduksjon kursbudsjett Oppvekst	Oppvekst	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Skuleskyss Hjelteryggen skule - reduksjon eksterne kjøp av skyss, overgang skuleskyss i kommunal regi.	Oppvekst	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Ta bort tilbod frå Dale Oen Experience- alternativ opplæringsarena	Oppvekst	-750	-1 500	-1 500	-1 500
Ta bort tilbod frå Sotra Villmarksenter- alternativ opplæringsarena	Oppvekst	-500	-1 000	-1 000	-1 000
Ta bort tilbod knytt til TAM- (tryggleik, ansvar og meistring) - alternativ opplæringsarena	Oppvekst	-300	-600	-600	-600
Ta bort tilbod om miljøterapeutar i skulen tilknytt Gangstøgarden ressurscenter	Oppvekst	-2 100	-2 800	-2 800	-2 800
Ta bort tilbod om tur til Polen knytt til historiske krigsmannesmerke	Oppvekst	-2 800	-3 000	-3 000	-3 000
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-23 850</b>	<b>-48 000</b>	<b>-48 000</b>	<b>-48 000</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Habilitering og avlastning, covid-19	Oppvekst	700	0	0	0
Rett til gratis skuleskyss for vaksne grunnskulelevar	Oppvekst	130	130	130	130
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>830</b>	<b>130</b>	<b>130</b>	<b>130</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>		<b>-23 020</b>	<b>-47 870</b>	<b>-47 870</b>	<b>-47 870</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>838 202</b>	<b>813 353</b>	<b>813 352</b>	<b>813 353</b>

### Innsparingstiltak

#### Barnevern innsparing kjøp av eksterne tenester - meir bruk av eigne tilsette.

Barnevernstestenesta har mellom anna ansvaret for busetting av einsleg mindreårige. Dette tiltaket har vore i drift frå 2015. Talet på einsleg mindreårige som kommunen har ansvaret for går ned. Dette gir grunnlag for å flytte ressursar og tilsette frå dette tiltaket til andre delar av tenesta. Dette vil redusere behovet for eksterne kjøp, og såleis gje ei innsparing.

#### Harmonisering og reduksjon av spesialundervisning og særskild norskopplæring

Øygarden kommune har eit relativt høgt omfang av spesialundervisning i grunnskulen. Det er mange elevar som har, etter ei sakkunnig vurdering, ein individuell rett til spesielt tilrettelagt undervisning. I samband med budsjettarbeidet er det gjort ei samanlikning med andre kommunar når det gjeld omfang av den spesielt tilrettelagte undervisninga. Tal frå Øygarden kommune er samanlikna med Askøy og Bjørnafjorden. Tala er henta frå rapporten (GSI) for skuleåret 2019- 20 og viser at Øygarden brukar 32,1 % av det samla timetalet i grunnskulen til spesialundervisning. Til samanlikning brukar Askøy 25,9 % og Bjørnafjorden 24,4 %. Med grunnlag i ei vurdering av omfang spesialundervisning i Øygarden kommune,

og samanlikning med andre kommunar, vert det tilrådd ein reduksjon på kr 3,5 mill på heilårsbasis knytt til spesialundervisning.

### **Lærarnorm for grunnskulen - reduksjon av nivå mot nasjonal minstestandard**

Lærarnorm er ein nasjonal standard for kor stor elevgruppene kan vere i ordinær undervisning pr lærartime. Spesialundervisning og særskilt norsk er ikkje rekna med. Gruppestørleik er 15 elevar pr lærartime på 1. – 4. trinn, 20 elevar på 5. – 7. trinn og 20 elevar på 8. – 10. trinn. Dei fleste skulane i Øygarden kommune ligg med noko positiv margin til lærarnorma, som er ein nasjonal minstestandard. Tilstrekkeleg med lærarressursar i klassane er særskilt viktig for god kvalitet i opplæringa og oppfølging av den einskilde eleven. Med bakgrunn i tal for lærarnorm skuleåret 2019- 20, vert det tilrådd at årsverk til ordinær undervisning vert redusert kr 4 mill på heilårsbasis.

### **Reduksjon av nivå - Spesialpedagogisk hjelp barnehage**

Barnehagelova § 19a slår fast at barn med behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til dette. Det gjeld alle barn under opplæringspliktig alder uavhengig av om dei går i barnehagen eller ikkje. Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barnet tidleg hjelp og støtte i til dels språklege og sosiale ferdigheter. PPT utgreier og gjev råd om behova til barn for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (0 -16 år). Barnehagelova gjennom §19 g slår fast at barn med nedsett funksjonsevne skal ha eit tilrettelagt barnehagetilbod. Samanlikna med Askøy kommune har Øygarden kommune høgare ressurstildeling til barnehagane på 19g.

Eit nedtrekk på 4 millionar med heilårsverknad knytt til reduksjon i årsverk, kan realiserast på forsvarleg vis i løpet av 2021 gjennom effektivisering, sjå ressurstildelinga i samanheng, utvida rettleiing frå PPT og gjennomgang av barnehagen sine ressursar og tilbod før tildeling.

### **Reduksjon av årsverk i jordmertenesta**

Jordmertenesta i Øygarden er samanlikna med jordmertenesta i Askøy kommune i forhold til fødselstalet og antal jordmorstillinger. Samanlikninga viser at Øygarden har omlag 70% stilling meir enn Askøy . Fødselstalet varierer mykje, ( 2018 var det 453 fødslar og 2019 var det 355 fødslar) så det er viktig å legge seg på eit gjenomsnitt når det gjeld antal jordmødre. Tilrådinga er å redusere med 50 % jordmorstilling, som vil gje ei årleg innsparing på kr 400 000.

### **Reduksjon driftsnivå MOT- Harmonisering**

Etter samordning av driftsnivået i MOT i dei tidlegare kommunane har alle ungdomsskulane no lik ressurs til MOT arbeidet.

### **Reduksjon driftsnivå på heile kommunalsjefsområde oppvekst**

Reduksjon driftsnivå heile kommunalsjefområde oppvekst: Effektiviseringa av drifta. Reduksjon av driftspostar.

### **Reduksjon grunnbemanning SFO**

Lønsbudsjetta i SFO vert justert i forhold til bemanningsnorm, vedtekter og bemmaning knytt til oppfølging av born med særskilte behov

### **Reduksjon kursbudsjett Oppvekst**

Redusere budsjett knytt til kurs og opplæring på heile kommunasjef området oppvekst. Nedtrekket inneber ei halvering av det samla budsjettet på området.

## **Skuleskyss Hjelteryggen skule - reduksjon eksterne kjøp av skyss, overgang skuleskyss i kommunal regi.**

Elevane som går i spesialavdelinga på Hjelteryggen skule er avhengig av drosje til skulen, nokre må og ha følgje i drosjen.

Fylkeskommunen dekkjer utgifter til skuleskyss til nærskulen. Kommunen må difor sjølv dekkja avstanden frå nærskulen til Hjelteryggen skule. Dette har vore store kostnadar for kommunen. I budsjett for 2020 ligg ca kr 2 664 000.

Etter samanslåinga nyttar vi no ein communal buss som gjer ei forventa innsparing på kr 1 200 000.

## **Ta bort tilbod frå Dale Oen Experience- alternativ opplæringsarena**

The Dale Oen Experience skal leggja til rette for at born og unge skal få oppleve meistring i alternativ omgjevnader. Fokus er på forsking, teknologi og friluftsliv. Målet er å tilby eit alternativ opplegg for alle ungdomsskulane i kommunen. Kostnad for kommunen er kr 1,5 mill.

## **Ta bort tilbod frå Sotra Villmarksenter- alternativ opplæringsarena**

Sotra Villmarksenter leverer aktivitetsopplegg og éi overnatting for samtlege 5. klasser. Tema for samlingane vil vera klassemiljø, i hovudsak teambygging, undervisning og aktivitetar. Sotra Villmarksenter skal ha hovudansvaret for undervisning og aktivitetar på dagtid. Naturen vil vera sentral i aktivitetane og det skal tilretteleggjast for at alle elevar skal kunne delta. Det er inkludert frukost, lunsj og middag for alle 5. klassingane. Pris for opplegget med 28 samlingar er kr 960 000. I tillegg kjem ekstra lønsutgifter for personale som deltek.

## **Ta bort tilbod knytt til TAM- (tryggleik, ansvar og meistring) - alternativ opplæringsarena**

TAM er eit undervisningsopplegg i regi av Hordaland jeger- og fisker forbund. Dei tilbyr alternativ undervisning for elevar med ulike tilpassingsvanskår.

## **Ta bort tilbod om miljøterapeutar i skulen tilknytt Gangstøgarden ressurssenter**

Det er tilsett fire miljøterapeutar tilknytt Gangstø ressurssenter. Dei jobbar direkte mot skulane med rettleiing i krevjande elevsaker og arbeid med klassemiljø. Dette er ein viktig ressurs for skulane, men det er ikkje økonomisk grunnlag for vidareføring av denne ordninga.

## **Ta bort tilbod om tur til Polen knytt til historiske krigsminnesmerke**

Elevar frå 10. trinn på ungdomsskulane får tilbod om å reise på utanlandsturar til krigsminnemerke eller konsentrasjonsleirar frå 2. verdskrig. Kostnad kr 3.000.000,-.

Kommunalsjef for oppvekst vil søkje om midlar knytt til handlingsplan mot antisemittisme. Ordninga er nasjonalt justert, slik at ein kan søkje på midlane utan å reise utomlands. Ein kan ein søkje om midlar til lokale besøk, som kan lære elevar om demokrati og fredsarbeid. Søknadsfristen er også utsett til 20.11.20. Lokalt kan ein til dømes besøke Telavåg, Fjell festning, Espeland fangeleir og Raftostiftelsen i Bergen. Om kommunen får innvilga pengar til dette, vil desse nyttast til avgangsklassane våren 2021. Det er då hovudsakleg bussutgifter kommunen må dekkje til dette 200 000.

Kommunedirektøren foreslår å ta bort tilboden og budsjett knytt til Polentur for 2021 ut over 200 000 til buss for lokale tilbod.

## Økonomiplan for 2021-2024

### Nye tiltak

#### Rett til gratis skuleskyss for vaksne grunnskuleelevar

Vaksne grunnskuleelevar har no rett på gratis skuleskyss, som ikke har vore budsjettert for 2020.

### Kostra-analyse

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (202) <u>Grunnskole *) **)</u>	12 729	12 641	11 559	13 381	11 389	12 343	11 644	12 112
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) <u>Voksenopplæring *) **)</u>	493	461	289	408	686	510	629	648
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) <u>Skolefritidstilbud *) **)</u>	867	841	932	861	910	598	906	859
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (222) <u>Skolelokaler *) **)</u>	2 635	2 449	2 273	2 402	1 484	1 862	2 223	2 362
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (223) <u>Skoleskyss *) **)</u>	442	410	240	344	113	170	209	278
Netto driftsut til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) *) **)	9 565	9 646	9 233	8 505	11 842	10 836	11 255	11 054
Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B) *) **)	784	765	765	606	742	760	735	706
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	158 858	161 582	159 591	165 848	172 469	156 049	159 982	164 952
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	21 434	20 205	18 918	19 638	12 279	15 272	18 397	19 505
<b>Produktivitet</b>								
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet f. 252) (B) *)	454 810	500 902	456 733	962 150	332 360	411 625	450 754	444 939
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B) *)	54 382	55 500	30 013	73 472	30 734	45 772	43 069	41 889
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	83,60 %	94,20 %	113,40 %	89,30 %	99,30 %	61,50 %	85,50 %	91,10 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Kultur og samfunn

### Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikre ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Viktige verktøy i dette arbeidet er planstrategi og kommuneplan. Området legg og føringer for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverke til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har og ansvar for bibliotek, kulturskule, frivilligkeit, kulturarv og det å støtte opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.

I kommunalsjefområde Kultur og samfunn ligg følgjande 5 einingar:

- Plan, geodata og oppmåling
- Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning
- Eigedom, drift og vedlikehald
- Reinhald
- Kultur

Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre einingar både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikle best moglege tenester, vil vi arbeide for å identifisere, koordinere og samordne desse oppgåvene.

### Utfordringar og strategi

Det vil vere nødvendig for kommunalsjefområdet i 2021 å få sluttført arbeidet med felles standardar, system og rutinar.

Kommunestyret vedtok oktober 2020 planstrategi for valperioden, der det vert tilrådd å starte opp arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen m/arealstrategiar. For å samla den nye kommunen om felles overordna mål og strategiar er det viktig få på plass kommuneplanen. Når den overordna retninga for kommunen er peika ut, kan vi i større grad vurdera kva delplanar og temaplanar som må utarbeidast for å støtta opp under ønskt utvikling.

Etter vedtak i kommunestyret i Fjell i 2019 vert det for Straume sentrum arbeidd med ein modell for utbyggingsavtalar (områdemodell) som vil vera med å gje ei føreseieleg utvikling av området for alle berørte aktørar. Modellen føreset at kommunen skal overta rekkefølgjekrav frå private planaktørar mot at dei dekker 50 % av utgiftene knytt fellestiltaka i planområdet. Det offentlege må dekke resterande 50 %. For Øygarden utgjer dette om lag om lag kr 57 mill for Straume sentrum, indre kjerne. I 2021 kan det vera aktuelt å fremje sak om modell for utbyggingsavtalar for kommunedelsentra og Ågotnes.

24. september 2020 vart byvekstavtalen signert av partane. Gjennom avtalen tilbyr staten kommunen om lag kr 400 mill over ein periode på 10 år mot at kommunen bind seg til mål om at vekst i persontransport skal skje gjennom auka kollektivtransport, sykkel og gange (nullvekstmålet). Denne avtalen vil gje kommunen eit styrka økonomisk handlingsrom. Det er viktig at kommunen arbeider heilskapleg gjennom året med å fremje prosjekt inn mot Miljøloftet. Sak om handlingsprogram 2022-25 skal fremjast for kommunestyret før juni månad.

Når OPS-leverandør for Sotrasambandet er vald, må det forventast å bruke ressursar inn mot deltaking og samordning. Arbeidet vil involvere fleire einingar og gje store oppgåver til heile kommunalsjefområdet. På same måte vil arbeidet inn mot regional transportplan krevje administrative arbeidsressursar. Desse store oppgåvene må prioriterast, med den konsekvens at andre oppgåver må nedprioriterast.

### **Plan, geodata og oppmåling**

Planstrategi 2020-2023 slår fast at kommunen skal starte arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel ved årsskiftet 2020/21. Eininga har prosjektansvar for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategiar. Dette arbeidet vil binde opp ressursar både på eininga og i heile organisasjonen i 2021.

Kommunen sitt folkehelsearbeid står sentralt i det å utvikle eit inkluderande samfunn der det er godt å leve og der alle har høve til å utvikling. Plan, geodata og oppmåling vil ha eit koordinerande ansvar for folkehelsearbeidet, men alle kommunalsjefområda har ansvar for å drive folkehelsearbeid og må ha eit aktivt eigarskap til dette arbeidet gjennom prioritering av tiltak som styrkjer folkehelsa.

I 2021 vil eininga følge opp dei prioriteringane av planprosessar som vart gjort i 2020, og vil leggja vekt på å løfte viktige tema opp til drøfting gjennom arbeidet med arealstrategiane. Det er viktig at planane heng saman, og er forankra i organisasjonen for å sikre kommunen si rolle i gjennomføringsfasen etter planvedtak.

Kommunen gjennomførte i 2020 store investeringar i ny programvare for forvaltning, analyse og innsyn gjennom digitale kart. I 2021 må ein fokusere på auka bruk av kartverktøya både internt i kommunen, hos politikarane og innbyggjarane. Slike verktøy vil gagne alle tenestene i kommunen og vil bidra til forenkling av arbeidet både for dei tilsette og for innbyggjarane. Det vil gjøre det lettare for publikum å få innsyn i saker, føre til meir effektiv involvering av innbyggjarar, det vil lette fangst av geografiske temadata og mogleggjere betre visualisering av informasjon. Betre kartprogram med tilhøyrande funksjonar vil også vere viktig når ein må handtere kritiske situasjonar i samfunnet.

Eininga deltek i DigiVestland, faggruppe plan, bygg og geodata, saman med representantar frå fleire kommunar i Vestland fylke. Føremålet er å bidra til eit kollektivt løft innan fagområdet for å sikre kompetansebygging, utvikling av felles verktøy og mottak og innføring av nasjonale løysingar. Faggruppa har m.a. etablert ei nettverksgruppe for digitalt planregister som vil bli leia av Øygarden kommune v/eining plan, geodata og oppmåling.

Behandling av private planar og oppmåling er tenestetilbod som skal dekkast gjennom gebyr (sjølvkostområde). I 2021 vil dei to sakselta delta i eit arbeid med Økonomi for å dokumentere tydelegare dei ulike grunnlagselementa i gebyra.

### **Bygesak, tilsyn og miljøforvaltning**

For eininga vil det vera stort fokus på digitalisering i økonomiplanperioden og det vil bli arbeidd med å etablere robotisert saksbehandling for enkle saker.

Gjennom å setje av ressursar til klagebehandling har ein mål om å oppnå raskare saksgang på dette området. Kommunedirektøren legg og til grunn at alle fristar for ordinær bygesak skal haldast. Oppfølging av tilsyn og ulovlege tiltak vil vere ei prioritert oppgåve.

### **Eigedom, drift og vedlikehald (EDV)**

I 2021 vil det bli utført ei kartlegging av tilstand for bygg og anlegg som skal legge grunnlaget for ei god forvaltning av bygningsmassen i kommunen. Det er utarbeidd ein brukaravtale mellom byggdrift og

andre einingar som skal medverke til ei fornuftig og rasjonell arbeidsdeling mellom eininga og brukarane av bygga.

Kommunen har ein bilpark på om lag 160 kjøretøy som no vert forvalta samla av driftseininga. Det vil bli lagt opp ein utskiftingsplan på gamle bilar som kommunen eig med overgang til leasing.

Nytt FDV system (system for forvaltning, drift og vedlikehald) vil gje eininga ein god reiskap for å ivareta bygningsmassen i kommunen. Ein vil kunne byggje opp oversikt og kunnskap som gjer det lettare og planlegge og gjennomføre nødvendige tiltak. Det vil og bli prioritert arbeid med avhending av bygg som ikkje lenger vert nytta i kommunal tenesteproduksjon.

Tilstandsvurdering av asfalt på kommunale vegar pågår og vil blierbli vidareført i 2021. Vidare vil ein også gjennomføre kartlegging av andre objekt som til dømes skiltplater. I 2021 vil ein ta til med ein gjennomgang av vegar for å vurdere om det er nokre strekk ein kan nedklassifisere til privat veg.

Det er fleire store anlegg med gode kvalitetar som er tatt i bruk i siste halvdel av 2020. Dette gjeld Fjordparken, Hjeltefjorden Arena symjehall og det nyoppussa kulturhuset på Rong. I løpet av 2021 vil ny barnehage i Spildepollen bli tatt i bruk. Oppfølging av desse anlegga vil krevje ressursar frå eininga, og vil i praksis representere ei effektivisering når ein ikkje aukar bemanninga.

Det er knytt ei aktivitetsplikt for unge som mottar sosialhjelp. Innan EDV ligg det til rette for å kunne tilby meiningsfylt arbeid til dei som mottar slike ytingar. Kommunalsjefområdet vil ta det samfunnsansvaret der er å kunne hjelpe personar som er i ein slik vanskeleg livssituasjon, ved å tilby dei varierte aktivitetar i eit sosialt fellesskap. Det vil vere ei utfordring framover å få på plass fasilitetar som gjer eininga i stand til å gje slikt tilbod også til kvinner.

### **Reinhald**

Reinhaldstenesta må vere ei dynamisk eining og har som føremål å vere løysingsorientert og kostnadseffektiv i handtering av dei oppgåvane som til ein kvart tid vert lagt til eininga. Eininger vil legge vekt på kompetanseheving, eit trygt arbeidsmiljø og vere utviklingsorientert med tanke på reinhaldsmetodar. Ved å velje smarte løysingar og godt utstyr kan ein gjere tungt arbeid lettare, og ved bruk av meir maskinelt arbeid kan ein redusera kjemikaliebruken og samstundes auke reinhaldskvaliteten.

Reinhaldseininga gir også innspel i planlegging av byggeprosjekt, med føremål å skapa reinhaldsvennlege bygg og dermed meir kostnadseffektiv byggdrift.

### **Kultur**

Det vart i oktober 2020 starta opp arbeid med kartlegging av alle anlegg som har fått spelemidlar der det er ei vedlikehaldsplikt i 30 år. Dette gjeld og private anlegg. Gjennom kartlegginga vil ein få oversikt og kunne lage ein plan for oppfølging av desse. Når kommunen prioriterer nye spelemiddelsøknader, blir denne kartlegginga viktig å sjå til.

Kultur vil arbeide for å få fram eit kunnskapsgrunnlag for kultur og idrett. Ei oppdatert oversikt over sektoren vil vera viktig som eit grunnlag for seinare planarbeid innan kultur og idrett og det framtidige samspelet mellom frivillig sektor innan helse, oppvekst, idrett og kulturfeltet. Strategien skal ta opp i seg det frivillige arbeidet og innsatsen til dei frivillige organisasjonane og enkeltpersonar som ikkje er medlem i ein frivillig organisasjon. Dette må følgjast opp med mål og tiltak. Det er lagt opp til samarbeidsavtalar med Øygarden idrettsråd og Øygarden kulturråd. Desse skal vedtakast i Kommunestyret. Etter eit slikt vedtak, startar medverknadsarbeidet med råda.

Kultureininga vil arbeide med ein utviklingsstrategi for biblioteka for å gje retning til biblioteka inn i eit nyetablert innbyggjartorg. Folkebiblioteket er eit av dei siste "torga" i lokalsamfunnet der folk kan møtast på tvers av både etniske, økonomiske, utdanningsmessige og aldersmessige skilnader. Ved samlokalisering av innbyggjartorg og bibliotek ønskjer ein å forsterke torget og møteplassfunksjonen for innbyggjarane. Utviklingsstrategien må ta opp i seg korleis innbyggjartorg og bibliotek kan styrke «ei dør inn» til kommunen sine tenester. I dette arbeidet blir det viktig med involvering av innbyggjarane. Biblioteket sine kjerneoppgåver er aktiv formidling ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle. Biblioteket sitt oppdrag er også å gje rom for debattar, samtalar og arrangement, vere ein arena der ein kan lære om språk og kultur som og er ein vesentleg faktor for integrering, deltaking og demokrati. Dette oppdraget bør sjåast i samanheng med eit utvida innbyggjartorg.

Skulebiblioteka har ein viktig plass i dannings- og utdanningsbiletet for barn og unge. Eininga samarbeider med skulane om drift av skulebiblioteka.

Kommunen har eit etablert samarbeid med dei tre musea i kommunen. Det må avklarast forventningar, rollar og samhandling mot musea og stiftingane knytt til kulturfeltet.

Kulturskulen er ein viktig arena for barn og unge sin moglegheit til å utøve kunst og kultur. Kultur kan ha stor betydning for styrka mental helse. Kulturskulen må difor legge til rette for tett samarbeid med helsesektoren og skule- og barnehagesektoren. Kulturskulen må også støtte opp under det frivillige og det profesjonelle kulturlivet. Ambisjonen er at kulturskulen og skal vera eit ressurssenter der ein og stiller kompetanse og andre menneskelege ressursar tilgjengeleg for lokalsamfunnet.

Kulturdepartementet og kunnskapsdepartementet samarbeider om ein ny barne- og ungdomsmelding, denne skal etter planen leggast fram våren 2021. Meldinga blir viktig å sjå til når kulturskulen skal jobbe med strategiske satsingsområde framover.

Det har gjort mykje godt arbeid dei siste åra med rydding og tilrettelegging av turstiar. Kommunen har fått prosjektmidlar gjennom Friluftslivets ferdelsårer frå fylkeskommunen, til kartlegging av no-status på løypenetet i samarbeid med turlaget. Målet er å identifisere, ivareta og utvikle ein infrastruktur som bidrar til folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Kultur har blitt tildelt regionale utviklingsmidlar for å jobbe vidare med formidling av kulturminne på turstiane i kommunen. Programmet skal utviklast vidare til ein varig organisasjon etter prosjektperioden, særleg gjennom ei satsing og utvikling av guideservice saman med musea. Gjennom samarbeid med Bergen Reiselivslag vil ein jobbe fram pakkar av guida turar som musea formidlar. Dette prosjektet skal ferdigstilla innan september 2021.

## Prioriteringar i perioden

### Prioriteringar i perioden

- Kartlegging av tilstand for bygg og anlegg
- Implementering av FDV system
- Utarbeide vognorm for kommunen
- Utarbeide kunnskapsgrunnlag til ny kultur og idrettsplan
- Vidareutvikle bibliotek/innbyggjartorg
- Vidareutvikle maskinelle reinhaldsmeddar og kompetansebygging for tilsette i reinhaldstenesta
- Vidareutvikle digitale løysingar for bygesak

## Økonomiplan for 2021-2024

- Utarbeide framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel og starte arbeid med planprogram for kommuneplanen sin arealdel
- GEOdata; auke bruken av kart, statistikk og analyse i kommunen, og ut mot publikum
- Arbeid med regional transportplan og Sotrasambandet

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovedart

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>					
Løn	180 622	175 156	175 432	175 432	175 432
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	136 742	138 446	135 046	135 046	135 046
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	8 916	9 024	9 024	9 024	9 024
Overføringer	32 864	31 864	31 864	31 864	31 864
Finansutgifter	5	5	5	5	5
<b>Sum driftutgifter</b>	<b>359 149</b>	<b>354 495</b>	<b>351 371</b>	<b>351 371</b>	<b>351 371</b>
<b>Driftsinntekter</b>					
Salsinntekter	-55 173	-58 785	-58 785	-58 785	-58 785
Refusjonar	-31 835	-32 219	-32 219	-32 219	-32 219
Overføringer	-1 060	-1 060	-1 060	-1 060	-1 060
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-88 068</b>	<b>-92 064</b>	<b>-92 064</b>	<b>-92 064</b>	<b>-92 064</b>
<b>Sum</b>	<b>271 081</b>	<b>262 431</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>

#### Fordeling på eining (tabell)

(Beløp i 1000)	Oppr. budsjett				
	2020	2021	2022	2023	2024
Kommunalsjef kultur og samfunn	2 617	956	-2 444	-2 444	-2 444
Kultur	44 081	40 188	40 464	40 464	40 464
Plan, geodata og oppmåling	18 387	19 397	19 397	19 397	19 397
Byggesak	5 699	5 958	5 958	5 958	5 958
Eigedom- drift og vedlikehald	131 605	129 537	129 537	129 537	129 537
Reinhalde	68 692	66 394	66 394	66 394	66 394
<b>Sum</b>	<b>271 081</b>	<b>262 431</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>

## Driftsbudsjett med endringar

(Beløp i 1000)	Avdeling	2021	2022	2023	2024
<b>Opprinnelig budsjett</b>		<b>271 081</b>	<b>271 081</b>	<b>271 081</b>	<b>271 081</b>
Sum Tekniske justeringer		-3 529	-3 529	-3 529	-3 529
Sum Vedtak forrige periode		-2 933	-3 157	-3 157	-3 157
Sum Budsjettendring i år		6 412	6 412	6 412	6 412
Konsekvensjusteringer		-50	-274	-274	-274
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>271 031</b>	<b>270 807</b>	<b>270 807</b>	<b>270 807</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Andre Kulturaktiviteter, tilskot til drift	Kultur og samfunn	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Annonsar	Kultur og samfunn	-100	-100	-100	-100
Generelt lønsnedtrekk - vakante stillinger	Kultur og samfunn	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Kjøp frå staten	Kultur og samfunn	-200	-200	-200	-200
Omstilling og effektivisering	Kultur og samfunn	-400	-3 800	-3 800	-3 800
Reduksjon i straumutgifter	Kultur og samfunn	-4 200	-4 200	-4 200	-4 200
Vakant stilling bibliotek	Kultur og samfunn	-500	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-7 900</b>	<b>-10 800</b>	<b>-10 800</b>	<b>-10 800</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Leasing av minibuss til elev/eldretransport	Kultur og samfunn	300	300	300	300
Tilskot frivilligssentral	Kultur og samfunn	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-700</b>	<b>-700</b>	<b>-700</b>	<b>-700</b>
<b>Nye tiltak og realendringer</b>		<b>-8 600</b>	<b>-11 500</b>	<b>-11 500</b>	<b>-11 500</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>262 431</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>	<b>259 307</b>

### Innsparingstiltak

#### Andre Kulturaktiviteter, tilskot til drift

Nedtrekk fører til mindre handlingsrom for andre kulturaktivitetar gjennom året, men det går ikkje ut over vedtekne tilskotsordningar.

#### Annonsar

Erfaringstal viser det er rom for å redusera denne budsjettposten.

#### Generelt lønsnedtrekk - vakante stillinger

Halde ledige stillingar vakante i kortare eller lengre periodar og vurdera å trekke inn stillingar ved høve.

#### Kjøp frå staten

Kan redusere posten grunna effektiv matrikkelføring gjev kommunen auka inntekt i partskonto hos Kartverket og desse midlane kan nyttast inn i Geovekstprosjektet.

#### Reduksjon i straumutgifter

Øygarden kommune inngjekk ny leveringsavtale på straum frå og med 01.01.2020 med betre betingelsar enn tidlegare.

#### Vakant stilling bibliotek

Halda stilling ved biblioteka vakant i 2021.

## Økonomiplan for 2021-2024

### Nye tiltak

#### Leasing av minibuss til elev/eldretransport

Leasing av ny minibuss til transportoppdrag, vil få besparingar på andre kommunalsjefområde.

#### Tilskot frivilligsentral

Tilskot til frivilligsentraler vert øyremerka frå 2021 og tatt ut av rammetilskotet til kommunen jfr. statsbudsjettet.

### Kostra-analyse

	Øygarden 2018	Øygarden 2019	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 13	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>								
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)			351		839	432	1 763	1 621
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *)	1 056	1 187	494	1 415	466	829	1 037	1 217
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B) *)	751	765	849	1 109	1 162	1 053	826	918
<b>Produktivitet</b>								
Beløp per innbygger i startlån videretildelt av kommunen (B) *)	2 513	2 697	1 723	2 191	2 120	1 158	2 335	1 998
Brutto driftsutgifter i kr til gatebelyn. pr. km komm. vei (B) *)	24 374	34 581	12 000	17 719	19 081	13 217	22 975	21 575
Korrigerte brutto driftsutgifter til administrasjonslokaler per kvadratmeter (B) *)		2 486	1 097	1 044	1 398	907	1 227	1 018
Korrigerte brutto driftsutgifter til førskolelokaler per kvadratmeter (B) *)		6 334	1 460	2 099	1 359	1 137	1 620	1 625
Korrigerte brutto driftsutgifter til institusjonslokaler per kvadratmeter (B) *)		6 070	1 298	1 100	1 436	1 170	1 184	1 056
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per kvadratmeter (B) *)		2 170	1 450	1 020	1 907	1 357	1 432	1 265
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per kvadratmeter (B) *)		364	1 093	5 751	491	614	950	943
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) *)	27 726	26 276	30 420	22 065	20 688	19 382	21 693	21 361
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler per kvadratmeter (B) *)		3 773	1 115	1 218	838	918	1 059	1 089
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i al (B)	7,40 %	7,30 %	7,10 %	14,30 %	10,30 %	15,80 %	11,00 %	13,70 %
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger (B)	4,2	4,41	3,11	11,33	5,49	7,3	5,38	8,25
Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	3,9	3,8	3,3	3,3	3,2	3,5	4,8	5
<b>Kvalitet</b>								
Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere			9,5		18,6	12,6	14,9	13,4
Antall nye søkerader per 1000 innbyggere			3		4	3	5	5
Antall søkerader per 1000 innbyggere			4		4	3	7	7
<b>Andre nøkkeltall</b>								
Netto driftsutgifter Kommunale boliger (B) *)	3 603	6 224	-6 939	-1 446	14 334	691	140 360	-412 343

\*) Inflasjonsjustert med deflator

## Investeringar i økonomiplanen

Investeringsgramma for 2021 er kr 200,2 mill, noko som er ein nedgang på kr 54,7 mill frå 2020. Dette er i tråd med vedteke handlingsregel om at lånegjelda skal reduserast. Bruk av lån er kr 140 mill.

Kommunedirektøren gjer framlegg om at låneopptaket i 2021 vert kr 120 mill. Resten vert finansiert av ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

### Gjeldsutvikling

Øygarden kommune vil per 1.1.2021 ha ei lånegjeld på kr 3,16 mrd. I økonomiplanperioden 2021-2024 vil vi ha ei slik utvikling i lånegjelda:

	B-2021	B-2022	B-2023	B-2024
Saldo 1.1	2 995 233	3 025 233	3 014 233	2 952 233
Nye lån	120 000	79 000	28 000	23 000
Avdrag	90 000	90 000	90 000	90 000
Renter	76 000	76 000	78 000	80 000
<b>Saldo 31.12</b>	<b>3 025 233</b>	<b>3 014 233</b>	<b>2 952 233</b>	<b>2 885 233</b>

Alle tal i heile tusen kr

Lånegjelda minkar i økonomiplanperioden frå kr 2,99 mrd til kr 2,89 mrd. Renteutgiftene er rekna ut frå dagens rentenivå.

### Startlån

Startlån er lagt inn i investeringsbudsjettet med kr 85 mill.

## Økonomiplan for 2021-2024

### Andre investeringer

(Beløp i 1000)	2021	2022	2023	2024	Sum
					2021-2024
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	20 000	0	0	0	20 000
Bil sone Straume MMNF	1 000	0	0	0	1 000
Blomvåg infrastruktur	10 000	10 000	0	0	20 000
Eigenkapitaltilskot Klp	5 600	5 800	6 000	6 000	23 400
Gravemaskin, kyrkja	0	400	0	0	400
Grønamyrsvegen - Ombygging av sentrumsgate	5 000	30 000	25 000	0	60 000
Grønaplassen	21 900	0	0	0	21 900
IKT investeringar	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000
Investering IKT-Chromebooks	3 000	3 000	0	0	6 000
Kausland kyrkje - tak	2 750	0	0	0	2 750
Kjøp av bygg-Trigger	25 000	0	0	0	25 000
Kjøp av tomter	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Kulvert/Busstopp - Idrettsvegen	12 500	0	0	0	12 500
Møbler NAV nytt bygg Grønamyrvegen	0	2 000	0	0	2 000
Ombygging brannstasjon Nord-Dalsneset	500	0	0	0	500
Ombygging -Liljevatnet barnehage, kulturskule- fase 2	12 900	0	0	0	12 900
Ombygging Skjenet 2	7 500	0	0	0	7 500
Ombygging/ rehab. bygg	18 000	18 000	18 000	18 000	72 000
Samlepost samferdsletiltak	9 800	9 800	9 800	2 400	31 800
Snarveg til Varden frå Grønaplassen	3 150	0	0	0	3 150
Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	10 100	0	0	0	10 100
Tednebakkane - Ombygging	5 000	5 000	0	0	10 000
Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør	10 000	40 000	0	0	50 000
Veglys, skifting til LED lys	500	500	500	0	1 500
Velferdsteknologi sjukeheim	8 000	8 000	4 000	0	20 000
<b>Sum</b>	<b>200 200</b>	<b>140 500</b>	<b>71 300</b>	<b>34 400</b>	<b>446 400</b>

#### Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan

Det vart i samband med områdeplan for Rongøy, vedteke planlegging av kryss på Arseta sør. Bygginga er kostnadsrekna til kr 70 mill der kr 50 mill er løyvd tidlegare. Sjølve krysinga av FV 561 kan ikkje gjerast før ny 420 kV line frå Modalen til Kollsnes er i ordinær drift. Prosjektet rt komplisert og involverer fleire aktørar. Prosjektet er i tilbodsfase og må til politisk handsaming før eventuell oppstart.

#### Bil sone Straume MMNF

MMNF sone Straume har meldt inn behov for ny bil i tenesta, då den tenesta har er gammal og treng skiftast ut. Bilen vert mellom anna nytta til transport til og frå dagsenter, turar og liknande.

#### Blomvåg infrastruktur

## Økonomiplan for 2021-2024

Dette gjeld vegprosjektet vest mot Flåten. Tiltaket er ei vidareføring av økonomiplan 2020-2023, og er omtalt i trafikksikringsplanen til gamle Øygarden kommune. Investeringa er fordelt med kr 10 mill i 2021 og kr 10 mill i 2022.

### Eigenkapitaltilskot Klp

Eigenkapitaltilskot til Klp er på kr 5,6 mill i 2021 berekna ut frå oppgåver som er motteke frå pensjonsleverandøren. Dette må etter forskriftene budsjetterast og rekneskapsførast i investeringsrekneskapen.

### Gravemaskin, kyrkja

Ny gravemaskin til gravplassforvaltninga etter ynskje frå Øygarden kyrkjelege fellesråd

### Grønamyrsvegen - Ombygging av sentrumsgate

Dagens løysing vert vurdert som utfordrande med omsyn til trafikktryggleik. Gata er og vil bli sentral for varelevering og gjennomgangstrafikk. Føremålet med prosjektet er å oppgradere frå veg til gatestruktur med større fokus på gåande og syklande. Tiltaket inngår i ei heilskapleg utvikling av eit gatenett for indre kjerne av regionsenteret. Det er behov for oppstramming av vegkropp og fortau, som kan gi betre trafikktryggleik og avvikling for trafikk inn/ut av sentrumsområde og bustader. Det er behov for tilrettelegging og tilkopling til tilgrensande gatetun.

### Grønaplassen

Utbygging av Grønaplassen -utbyggingsavtale/områdemodell for Straume. Det er lagt inn 100% kommunal finansiering som ein del av forskoteringa av denne.

### IKT investeringar

Øygarden kommune har behov for store investeringar knytt til løpende investeringar på IKT-feltet. Det er store nasjonale satsingar knytt til digitalisering av skule og offentleg sektor som er viktig å prioritere i åra framover. Det er sett av eigne budsjettpostar knytt til installasjon av velferdsteknologi og IKT-utstyr i skulen i tillegg til denne posten.

### Investering IKT-Chromebooks

Innkjøp/utrulling av Chromebooks i oppvektsektor jf. vedtak i utval for samfunnsutvikling.

### Kausland kyrkje - tak

For å unngå stenging av kyrkja, er det behov for snarleg utbetring av tak/takområde, samt rehabilitering av eksisterende vindauge. Behov for overflatebehandling fasade.

### Kjøp av bygg-Trigger

Trigger Jobb AS ønskjer å utvide aktiviteten og lokala for å kunne gi fleire tilbod om arbeidstrening og varig tilrettlagt arbeid. Fleire alternative lokale er vurdert, og styret for Trigger går inn for at den delen av bygget dei no held til i vert kjøpt, i tillegg til tilstøtande lokale. Det vert lagt opp til at kommunen kjøper bygget, og deretter nyttar dette som tinginskot i samband med aksjeutviding i Trigger. Øygarden aukar då eigardelen frå 13 til 30 prosent. Askøy er framleis største eigar med 51 prosent eigardel. Dei resterande aksjane er eigd av NFU avd. Askøy.

### Kjøp av tomter

Det er avsett kr 2 mill kvart år i økonomiplanperioden 2021-2024 til tomtekjøp.

### **Kulvert/Busstopp - Idrettsvegen**

Etablering av busstopp og kulvert for å betre framkomsten og tryggleiken mellom Straume sentrum og Idretts-, industri- og skuleområde i Idrettsvegen.

### **Møbler NAV nytt bygg Grønamyrvegen**

I samband med flytting til nytt bygg er det behov for å sett av midlar til møblar/innredning i 2022.

### **Ombygging brannstasjon Nord- Dalsneset**

Moglegheitsstudie-Ny brannstasjon i nordre del av kommunen. Dalsneset.

### **Ombygging -Liljevatnet barnehage, kulturskule- fase 2**

Ombygging av Liljevatnet fase-2: To nye barnehageavdelingar og tilpassa lokalerfor kulturskulen.

Ombygging av resterande areal på Liljevatnet til to nye nye barnehageavdelingar, samt lokaler for kulturskulen. Ombygginga har samanheng med avvikling av Svingen barnehage 2021.

### **Ombygging Skjenet 2**

Ombygging av kontorlokalar Skjenet 2. I samband med kommunesammenslåinga blei det vedteke å organisere kommunalsjefområde Oppvekst til kommunen sitt bygg på Skjenet. Investeringa ligg opp til ein ombygging av Skjenet tilpassa til funksjonelle arbeidsplassar, samtalerom, arkiv m.m.

### **Ombygging/ rehab. bygg**

Det er budsjettert med kr 18 mill kvart år i økonomiplanperioden 2021-2024 til ombygging/rehabilitering av bygg. Denne posten er ein vidareføring frå tidlegare år, men er frå 2021 slått saman med budsjettpost for rehabilitering eldre barnehagar. Skal spesifiserast i prosjekt i politisk sak på nyåret 2021.

### **Samlepost samferdsletiltak**

Gjeld ulike tiltak knytt til samferdsleavdeling innan veg, kai, bru. Midlane til trafikksikring er samla i ein post og utgjer kr 9,8 mill kvart år i økonomiplanperioden.

### **Snarveg til Varden frå Grønaplassen**

Utbygging av veg frå Grønaplassen til Varden-utbyggingsavtale/områdemodell for Straume. Det er lagt inn 100% kommunal finansiering som ein del av forskoteringa av denne.

### **Tednebakkane - Ombygging**

Ein av fløyane på Tednebakkane vert gjort om til ei skjerma eining for bebuarar med omfattande og krevjande omsorgsbehov. Drifta av tiltaket kan finansiert ved redusert kjøp av tenester frå eksterne leverandørar av pleie og omsorgstenester.

### **Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør**

Saka om tekniske servicebygg og bussparkering Skogskiftet vart handsama i KS-sak 133/20. Dersom ein tek med alle opsjonar er prosjektet kostnadsrekna til kr 80 mill. I tillegg til kr 30 mill som ligg inne i budsjett 2020 er det lagt inn kr 10 mill i 2021 og 40 mill i 2022.

### **Veglys, skifting til LED lys**

Det er rekna med investeringskostnadar på 0,5 mill i åra 2021-2023. Det er om lag 800 av veglysarmatura som treng å bli skifta ut grunna alder. Det vert lagt opp til ei gradvis utskifting etter prioritering frå eininga Eigedom, drift og vedlikehald.

## Økonomiplan for 2021-2024

### **Velferdsteknologi sjukeheim**

Vidare utrullering av velferdsteknologi i tråd med vedtak i utval for samfunnsutvikling 15.09.2020.

## Vedlegg

### Kommunale føretak og kyrkjeleg fellesråd

#### Øygarden brann og redning KF

Øygarden brann og redning KF er lagt inn i budsjett 2021 med kr 29 216 000. Inkludert i tilskotet er kr 151 000 til IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) og kr 264 000 til Vest brann- og redningsregion. Desse utgiftene låg tidligare i kommunen sitt budsjett, men er no flyttet til brannvesenet då dette er utgifter som er knytt til denne tenesta. Kommuneadministrasjonen utfører arbeid innan rekneskap, løn, personal mm for føretaket. Dette er kostnadsrekna til kr 700 000 og er lagt inn i tilskotet til Øygarden brann og redning KF samtidig som ein tilsvarande inntekt er budsjettert i Øygarden kommune sitt budsjett. Kommunedirektøren har ikkje funne rom for å gje tilskot til 4. person på vakt ved Ågotnes brannstasjon.

#### Øygarden bustadutvikling KF

Øygarden bustadutvikling KF skal vera sjølvfinansierande der inntekter ved utleige dekker utgiftene i føretaket. I ein innkøyringsfase er det imidlertid naudsnyt med tilskot. Dette tilskotet er i 2021 kr 1,8 mill og skal vera ei midlertidig ordning. Kommuneadministrasjonen utfører arbeid innan rekneskap, løn, personal mm for føretaket. Dette er kostnadsrekna til kr 700 000 og er lagt inn i budsjettet samtidig som ein tilsvarande inntekt er budsjettert i Øygarden kommune sitt budsjett.

#### Øygarden næringsutvikling KF

Øygarden næringsutvikling KF er lagt inn i budsjett 2021 med kr 3,5 mill. Kommunedirektøren har i den økonomiske situasjonen som kommunen er i, ikkje funne rom for å leggja inn eit tilskot på kr 5 mill slik styret i foretaket har gjort framlegg om.

#### Kyrkjeleg fellesråd

Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg kr 28 778 000. Kyrkja er i budsjettframlegget kompensert med ei lønsauke på 2,2 % i tråd med statsbudsjettet samt kr 450 000 til reinhald av Sund, Kausland, Blomvåg og Hjelme kyrkjer. Kommunedirektøren har ikkje funne rom for å leggja inn midlar til delfinansiering av diakonstilling. I investeringsbudsjettet ligg det inne midlar i 2021 til naudsnyt utbetring av Kausland kyrkje og midlar til gravemaskin i 2022.

## Søknadar

Oversikten viser mottekne søknadar samband med budsjett 2021. Øygarden kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon og må redusera driftsnivået betydeleg. Vi har likevel ikkje redusert tilskot til organisasjonar i 2021.

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2021
Museum Vest	Tilskot Nordsjøfartmuseet, Kystmuseet, Fjell festning	5 700 000	4 802 000
Pit Stop Sotra	Søknad om driftsmidlar	2 000 000	600 000
Basecamp	Grunnfinansiering		530 000
Basecamp *	4-årig driftstilskot til bisykkelprosjekt	1 370 000	0
Basecamp **	4 årig driftstilskot til oppsökjande arbeid "Tett på"	150 000	112 000
Basecamp***	4 årig driftstilskot til Basecamp RePro	1 000 000	500 000
Stiftinga Fjell festning	Søknad om arbeidstelt	84 500	0
Fjell Festning Lysfestival ****	3-årig driftstilskot	150 000	75 000
Røde Kors	Nytt redningsfartøy	Uspesifisert	0

\*Søknad kr 4 580 000 (alternativt kr 3 970 000) i løpet av åra 2021-2024

\*\*Søknad kr 600 000 i løpet av åra 2021-2024

\*\*\* Søknad kr 4 mill i løpet av åra 2021-2024

\*\*\*\* Søknad kr 450 000 i løpet av åra 2021-2023

Av budsjettert tilskot til Museum Vest er fordelinga slik:

<b>Museum Vest</b>	<b>3 932 000</b>
Nordsjøfartmuseet	350 000
Stiftinga Nordsjøfartmuseet	150 000
Kystmuseet	2 482 000
Stiftinga Kystmuseet	120 000
Fjell festning	1 100 000
Stiftinga Fjell festning	600 000
Totalsum	4 802 000

Tjeneste	Indikator	Øygarden	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Lavest i KOSTRA-gruppen	Lavest i KOSTRA-gruppen - kroner	Gjennomsnitt for gruppen	Innbyggere i målgruppen	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom %
Grunnskole	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B)	15 624	13 827	16 518	13 007	14 488	Ski (-2019)	12 518	14 058	38 316	70,4	11,8
Pleie og omsorg	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)	17 950	16 478	22 739	19 927	21 788	Stjørdal	-1 578	19 362	38 316	-45,3	-6,6
Barnevern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)	2 033	1 873	2 408	1 632	2 163	Færder	72	1 715	38 316	12,4	15,9
Barnehage	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)	9 603	8 984	8 952	9 289	8 499	Ås	8 091	8 859	38 316	31,9	8,7
Kommunehelse	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)	3 909	3 173	3 032	2 842	2 761	Sandefjord	2 358	2 875	38 316	39,2	26,2
Sosiale tjenester	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B)	3 722	3 235	2 746	2 638	2 765	Levanger	1 993	2 975	38 316	24,0	16,9
Kultur og idrett	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	2 367	1 241	1 968	2 441	1 783	Askøy	1 241	2 406	38 316	-1,5	-1,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)	731	520	746	686	882	Levanger	369	778	38 316	-1,8	-6,4
Adm, styring og fellesutgifter	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)	5 664	4 198	5 784	4 333	3 577	Kongsberg	3 167	4 868	38 316	30,1	13,9
Brann og ulykkesvern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)	765	849	1 109	1 162	1 053	Stange	425	826	38 316	-2,3	-8,0
Kommunale boliger	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)	162	-235	-49	384	16	Steinkjer (-2019)	-4 130	65	38 316	3,7	59,9
Samferdsel	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)	1 219	483	1 388	466	834	Lier	-197	924	38 316	11,3	24,2
Næringsforv. og konsekjonskraft	Netto driftsutgifter pr. innbygger til	-267	-6	368	214	332	Rana	-1 367	70	38 316	-12,9	0,0

Økonomiplan for 2021-2024

Tjeneste	Indikator	Øygarden	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Lavest i KOSTRA-gruppen	Lavest i KOSTRA-gruppen - kroner	Gjennomsnitt for gruppen	Innbyggere i målgruppen	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom %
	Næringsforv. og konsesjonskraft (B)											
Kirke	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)	868	661	934	601	665	Skedsmo (-2019)	353	606	38 316	10,0	30,2

\*\*) Tallene er justert for ulikt utgiftsbehov

# Forskriftsrapportar

---

## §5-4 Bevilningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Oppr. budsjett  2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Rammetilskudd	-1 033 817	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400
Inntekts- og formuesskatt	-1 126 594	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100
Eiendomsskatt	-158 106	-157 500	-156 000	-154 500	-153 000
Andre generelle driftsinntekter	-113 344	-49 176	-49 176	-49 176	-49 176
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-2 431 861</b>	<b>-2 405 176</b>	<b>-2 403 676</b>	<b>-2 402 176</b>	<b>-2 400 676</b>
<b>Korrigert sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>2 220 687</b>	<b>2 272 871</b>	<b>2 223 368</b>	<b>2 234 912</b>	<b>2 244 480</b>
Avskrivninger	144 720	119 337	119 337	119 337	119 337
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>2 365 407</b>	<b>2 392 208</b>	<b>2 342 705</b>	<b>2 354 249</b>	<b>2 363 817</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-66 454</b>	<b>-12 968</b>	<b>-60 971</b>	<b>-47 927</b>	<b>-36 859</b>
Renteinntekter	-14 674	-14 120	-14 120	-14 120	-14 120
Utbryter	-21 080	-9 080	-11 080	-13 080	-13 080
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-6 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	101 536	75 505	75 505	75 505	75 505
Avdrag på lån	110 000	90 000	90 000	90 000	90 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>169 782</b>	<b>132 305</b>	<b>130 305</b>	<b>128 305</b>	<b>128 305</b>
Motpost avskrivninger	-144 720	-119 337	-119 337	-119 337	-119 337
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-41 392</b>	<b>0</b>	<b>-50 003</b>	<b>-38 959</b>	<b>-27 891</b>
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	41 392	0	50 003	38 959	27 891
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>41 392</b>	<b>0</b>	<b>50 003</b>	<b>38 959</b>	<b>27 891</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Økonomiplan for 2021-2024

**§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)**

Beløp i 1000

	Oppr. budsjett <b>2020</b>	Øk.plan <b>2021</b>	Øk.plan <b>2022</b>	Øk.plan <b>2023</b>	Øk.plan <b>2024</b>
Politisk	16 489	17 996	16 564	17 996	16 564
Kommunedirektør	76 627	78 708	78 708	78 708	78 708
Økonomi	30 319	24 106	23 006	23 006	23 006
Organisasjon og digitalisering	349 820	348 809	342 872	337 998	337 998
Helse og velferd	716 090	738 290	725 230	740 216	751 216
Oppvekst	869 230	839 602	814 753	814 752	814 753
Kultur og samfunn	271 081	261 731	258 607	258 607	258 607
Finans	-113 964	-36 367	-36 367	-36 367	-36 367
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>2 215 692</b>	<b>2 272 876</b>	<b>2 223 373</b>	<b>2 234 917</b>	<b>2 244 485</b>

Herav:

Netto renteutgifter og -inntekter	5	5	5	5	5
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-5 000	0	0	0	0
<b>Korrigeret sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>2 220 687</b>	<b>2 272 871</b>	<b>2 223 368</b>	<b>2 234 912</b>	<b>2 244 480</b>

Økonomiplan for 2021-2024

**§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)**

Beløp i 1000

	Oppr. budsjett <b>2020</b>	Øk.plan <b>2021</b>	Øk.plan <b>2022</b>	Øk.plan <b>2023</b>	Øk.plan <b>2024</b>
Investeringer i varige driftsmidler	465 118	197 500	136 700	67 400	28 400
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	28 800	3 700	3 800	3 900	6 000
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>493 918</b>	<b>200 200</b>	<b>140 500</b>	<b>71 300</b>	<b>34 400</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-96 290	-37 120	-25 260	-12 260	-5 680
Tilskudd fra andre	-39 356	-17 500	-30 000	-25 000	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	-30 000	0	0	0	0
Bruk av lån	-322 272	-140 780	-79 440	-28 040	-22 720
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-487 918</b>	<b>-195 600</b>	<b>-134 700</b>	<b>-65 300</b>	<b>-28 400</b>
Videreutlån	0	85 000	85 000	85 000	85 000
Bruk av lån til videreutlån	0	-85 000	-85 000	-85 000	-85 000
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0	0
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring fra drift	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-6 000	-5 600	-5 800	-6 000	-6 000
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-6 000</b>	<b>-5 600</b>	<b>-5 800</b>	<b>-6 000</b>	<b>-6 000</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (udekket)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Økonomiplan for 2021-2024

**§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)**

*Beløp i 1000*

	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021- 2024
<b>Kommunedirektør</b>						
Ombygging/ rehab. bygg	15 000	18 000	18 000	18 000	18 000	72 000
Samlepost samferdsletiltak	7 400	9 800	9 800	9 800	2 400	31 800
Kausland kyrkje - tak	824	2 750	0	0	0	2 750
Arseta - VA Rongøy - sentrumssplan	53 600	20 000	0	0	0	20 000
Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	38 059	10 100	0	0	0	10 100
Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør	30 000	10 000	40 000	0	0	50 000
Blomvåg infrastruktur	5 700	10 000	10 000	0	0	20 000
Kjøp av tomter	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Kjøp av bygg-Trigger	0	25 000	0	0	0	25 000
Gravemaskin, kyrkja	0	0	400	0	0	400
Ombygging brannstasjon Nord- Dalsneset	0	500	0	0	0	500
<b>Sum Kommunedirektør</b>	<b>448 201</b>	<b>108 150</b>	<b>80 200</b>	<b>29 800</b>	<b>22 400</b>	<b>240 550</b>
<b>Organisasjon og digitalisering</b>						
IKT investeringar	16 417	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000
<b>Sum Organisasjon og digitalisering</b>	<b>16 417</b>	<b>6 000</b>	<b>6 000</b>	<b>6 000</b>	<b>6 000</b>	<b>24 000</b>
<b>Helse og velferd</b>						
Bil sone Straume MMNF	0	1 000	0	0	0	1 000
Velferdsteknologi sjukeheim	0	8 000	8 000	4 000	0	20 000
Bustader for unge funksjonshemma	0	1 000	0	0	0	1 000
Møbler NAV nytt bygg	0	0	2 000	0	0	2 000
Grønamyrvegen						
Tednebakkane - Ombygging	0	5 000	5 000	0	0	10 000
<b>Sum Helse og velferd</b>	<b>0</b>	<b>15 000</b>	<b>15 000</b>	<b>4 000</b>	<b>0</b>	<b>34 000</b>
<b>Oppvekst</b>						
Investering IKT-Chromebooks	0	3 000	3 000	0	0	6 000
Ombygging Skjenet 2	0	7 500	0	0	0	7 500
<b>Sum Oppvekst</b>	<b>0</b>	<b>10 500</b>	<b>3 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>13 500</b>

## Økonomiplan for 2021-2024

<b>Kultur og samfunn</b>						
Veglys, skifting til LED lys	500	500	500	500	0	1 500
Kulvert/Busstopp -	0	12 500	0	0	0	12 500
Idrettsvegen						
Grønaplassen	0	21 900	0	0	0	21 900
Snarveg til Varden frå	0	3 150	0	0	0	3 150
Grønaplassen						
Grønamyrsvegen -	0	5 000	30 000	25 000	0	60 000
Ombygging av sentrumsgate						
Ombygging -Liljevatnet barnehage, kulturskule-fase 2	0	12 900	0	0	0	12 900
<b>Sum Kultur og samfunn</b>	<b>500</b>	<b>55 950</b>	<b>30 500</b>	<b>25 500</b>	<b>0</b>	<b>111 950</b>
<b>Sum 2B</b>	<b>465 118</b>	<b>195 600</b>	<b>134 700</b>	<b>65 300</b>	<b>28 400</b>	<b>423 000</b>

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
<b>Sum 2B</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021- 2024
Eigenkapitaltilskot KlP	0	5 600	5 800	6 000	6 000
<b>Investeringar i aksjer og andeler i selskaper</b>	<b>28 800</b>	<b>5 600</b>	<b>5 800</b>	<b>6 000</b>	<b>6 000</b>
					<b>23 400</b>

## 4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
<b>Sum 2B</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Økonomiplan for 2021-2024

**§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)**

Beløp i 1000

	Oppr. budsjett <b>2020</b>	Øk.plan <b>2021</b>	Øk.plan <b>2022</b>	Øk.plan <b>2023</b>	Øk.plan <b>2024</b>
Rammetilskudd	-1 033 817	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400	-1 042 400
Inntekts- og formuesskatt	-1 126 594	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100	-1 156 100
Eiendomsskatt	-158 106	-157 500	-156 000	-154 500	-153 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-115 440	-50 872	-50 872	-50 872	-50 872
Overføringer og tilskudd fra andre	-303 667	-278 370	-271 695	-270 195	-270 095
Brukerbetalinger	-98 310	-100 649	-100 649	-100 649	-100 649
Salgs- og leieinntekter	-83 037	-67 717	-67 717	-67 717	-67 717
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-2 918 971</b>	<b>-2 853 608</b>	<b>-2 845 433</b>	<b>-2 842 433</b>	<b>-2 840 833</b>
 Lønnsutgifter	1 498 334	1 525 268	1 519 718	1 530 661	1 540 916
Sosiale utgifter	380 604	372 546	372 119	370 665	370 433
Kjøp av varer og tjenester	664 559	631 807	581 706	582 160	581 706
Overføringer og tilskudd til andre	164 300	191 682	191 582	191 682	191 582
Avskrivninger	144 720	119 337	119 337	119 337	119 337
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>2 852 517</b>	<b>2 840 640</b>	<b>2 784 462</b>	<b>2 794 506</b>	<b>2 803 974</b>
 <b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-66 454</b>	<b>-12 968</b>	<b>-60 971</b>	<b>-47 927</b>	<b>-36 859</b>
 Renteinntekter	-14 674	-14 120	-14 120	-14 120	-14 120
Utbrytter	-21 080	-9 080	-11 080	-13 080	-13 080
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-6 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter	101 536	75 505	75 505	75 505	75 505
Avdrag på lån	110 000	90 000	90 000	90 000	90 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>169 782</b>	<b>132 305</b>	<b>130 305</b>	<b>128 305</b>	<b>128 305</b>
 Motpost avskrivninger	-144 720	-119 337	-119 337	-119 337	-119 337
 <b>Netto driftsresultat</b>	<b>-41 392</b>	<b>0</b>	<b>-50 003</b>	<b>-38 959</b>	<b>-27 891</b>
 <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	41 392	0	50 003	38 959	27 891
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>41 392</b>	<b>0</b>	<b>50 003</b>	<b>38 959</b>	<b>27 891</b>
 <b>Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>